Kapittel 10 Informantportrett

10.0 Innleiing

Etter å ha sett på dei meir overordna mønstra i materialet, skal vi no vende merksemda mot den enkelte språkbrukaren, mot individet. I det føregåande kapittelet såg vi korleis ulike kombinasjonar av sosiale kategoriar oppfører seg i forhold til dei ulike språklege variablane, og vi fekk eit overblikk over kva for sosiale dimensjonar som er korrelat for høvesvis dialektbevaring og dialektnivellering. Men enkeltindivid er ofte meir samansette enn det som kan kome fram i slike meir overordna analysar. Derfor skal vi no blir litt betre kjend med nokre av informantane frå Røros og Tynset. Desse informantane er likevel ikkje berre interessante som enkeltindivid, men også som representantar for visse typar. Vi skal både bli kjent med den typiske tradisjonalisten og dialektbevararen og med den urbant orienterte dialektnivelleraren, men vi skal òg stifte nærare kjennskap med slike som oppfører seg litt annleis enn det den sosiale profilen deira skulle tilseie.

Ideen med desse informantportretta er altså å kome nærare enkeltindivida og deira tankar og refleksjonar kring eiga livsverd, assosiasjonar med og disassosiasjonar frå ulike sosiale grupper og rapporterte haldningar og handlingar, for slik å få betre innsikt i kva for motivasjonar den enkelte kan ha for sine språkval. Samtidig gestaltar altså desse enkelt-individa meir generelle *typar*. På den måten utgjer informantportetta til saman eit person-galleri som er interessante ut over seg sjølve, og som kan gi oss innsikt av meir allmenn-gyldig karakter. Informantane gir ansikt og stemme til allmenne problemstillingar som gir rom for og gjer det naturleg å trekkje inn teoretisk drøftingar undervegs. Eg har valt å konsentrere portretta kring dei unge informantane på dei to plassane. Det er først og fremst intervjusamtalane som dannar utgangspunktet for informantportretta, men eg har også brukt spørjeskjemaet som vart sendt ut i etterkant av intervjua, som kjelde her (jf. kap. 7, pkt. 7.1.2.4 og vedlegg 7.4).

10.1 Rørosinformantane ved seks av dei


Blant rørosinformantane har eg valt å sjå nærare på motpolane Iris og Finn – den urbant orienterte "mainstream"-jenta, mot den lokalt orienterte tradisjonalisten. Vidare vil vi stifte nærare kjennskap med dei to soss/skatar-gutane Bjørn og Sondre. Sjølv om desse gutane er plasserte i den same ungdomsgruppa, er dei, som vi vil sjå, temmeleg ulike. Til sist skal vi

bli meir kjende med to representantar for mellomgruppene – idrettsjenta Carola og den kultur- og samfunnsorienterte Chris.

10.1.1 Iris og Finn

Slik det gjekk fram av både variantanalysen og korrespondanseanalysen i dei to førre kapitla, går hovudskiljet blant ungdomane på Røros mellom soss/skatar-gutane og bus-gutane. Men den kulturinteresserte Iris er også, saman med sossen, blant dei unge informantane som har aller flest nivellerte former. Tradisjonalisten Finn, derimot, er blant dei ungdomane som bruker aller flest tradisjonelle rørosformer. Iris og Finn representerer på den måten kvar sine ytterpunkt langs den språklege praksisaksen. Kva er det med Iris og Finn som gjer at dei snakkar så ulikt? Svaret på dette spørsmålet har vi for så vidt vore inne på mange gonger allereie i tidlegare kapittel, men eg vil prøve å utdjupe det her.

10.1.1.1 Iris



Figur 10.1.1 Oversyn over variantfordelinga hos Iris

Iris: jente 17 år
- Bur i utkanten av kommunen
- Går på allmennfagleg studieretning
- Far er frå Røros, mor frå Trondheim
- Har to eldre søsken som begge bur i Oslo
- Har kjærast frå Røros som bur i Trondheim
- Kjem frå ein akademisk familie
- Vil studere i Trondheim eller Oslo, men kunne tenkje seg å flytte attende til Røros
- Er positiv til Røros og stolt av plassen, men også kristisk
- Er mest orientert mot urbane aktivitetar og verdiar
- Høyrer heime blant dei skule- og kulturinteresserte ungdomane
- Uttrykkjer seg ambivalent om rørosdialekten

Den samla gjennomsnittlege nivelleringsprosenten for alle variablane hos Iris er på heile 65.5 % – vesentleg høgare enn gjennomsnittet for alle ungdomane, som er på 28 %. Saman med ein del av soss/skatar-gutane toppar Iris nivelleringsskalaen blant rørosungdomen, og

er den som stort sett plasserer seg lengst bort frå barysenteret i korrespondansekarta over alle rørosinformantane, dvs. i same område som dei nivellerte variantane (jf. pkt. 9.2.1-3). Iris har til og med nivellerte former ved variablar der soss/skatar-gutane stort sett held seg til den tradisjonelle varianten. Det gjeld t.d. ved trykkplassering i importord, apokope og substantiv i ubestemt form fleirtal. Men Iris tilhøyrer ikkje soss/skatar-gruppa, men dei skule- og kulturinteresserte ungdomane. Samanlikna med dei andre i si gruppe stikk ho seg vesentleg ut språkleg sett (jf. portrettet av Chris i pkt. 10.1.3.2 nedafor).

Av figur 10.1.2 ovafor ser vi at dei nivellerte variantane er i fleirtal ved 12 av dei 16 variablane. Til og med ved det personlege pronomenet finn vi stor variasjon. Her varierer Iris mellom den lokale varianten *je* og dei nivellerte variantane *e*, *æ* og *jæ/jæi*. Ho er den einaste av rørosungdomane som bruker alle desse pronomenformene om kvarandre. Ved å kutte ut trekk som apokope, palatalar, bruke *vordan* istf. *kelles* og erstatte nektings-adverbialet *itt* med *ikke*, fjernar Iris seg frå ein del sentrale trønderske trekk. Sjølv seier Iris likevel at ho trur dialekten hennar endrar seg i retning av Trondheim og trøndersk, heller enn i retning av Oslo og austlandsk. Oslomål blir "for fjernt", meiner ho. I tilfelle ho har rett i dette, er det nok i så fall ikkje det folkelege trondheimsmålet som fungerer som normideal, men snarare "fintrøndersken" – som jo har mange fellestrekk med det bokmålsbaserte austnorske standardtalemålet. Iris skildrar talemålet sitt som ein "funkisdialekt", eller ei "blanding". Dette stemmer nok i stor grad, for ho bruker framleis fleire tradisjonelle former. Ho bruker f.eks. fleirtalsforma *-an* i substantiv i bestemt form, kortstava sterke presensformer, ho har framleis *r*-bortfall i presens svake verb og ho bruker forma *dæm* i subjektsposisjon. Ingen av desse trekka er vel å merke spesielle for Trøndelag, men finst i store delar av landet. Iris ser ut til å meine at søskena hennar snakkar annleis enn ho sjølv gjer:

Unn: [koss] står det til med dialekta deira da?(SØSKENA)
Iris: dæm er mye flinkar enn meg
Unn: seie du det?
Iris: ja je er liksom sorte fåret je når det gjelds dia'lekt (SMILANDE STEMME)
Unn: sjøl om dei bur i [[byen]] (OSLO)?
Iris: [[ja]] = = det synes je = dæm har vært flink til å holle på 'dialekta si
Unn: ja
Iris men je er = altså 'generelt så tror je faktisk at den den gjengen der altså det det kull- de to kullan der var mye flinkar enn oss = dæm er jo nesten ti år eldre enn oss ja [=] at vi er blitt mere sløv ja altså [[det er jo veldig individu'elt da]]
Unn: [ja] [[ja er det sløvheit du]] trur det er?
Iris: == je vet ikke fordi at vi kunne alltids ha klart å hølle på dia'lekta vår om vi bare ha villa [=] sterkt nok
Unn: [mm] ja [[om ein]] hadde synes det var viktig nok liksom
Iris: [[mm]] ja [=] tror det har mye med det å gjør altså

Det å bruke såpass verdiladde uttrykk som "sort får" og "flink" i samband med dialektbruk, sjølv om ho gjer det i ein spøkefull tone, gir signal om at dialekt er noko ein *bør* halde på, og som det ligg ein positiv verdi i å bruke. I dei fleste miljø er nok dette det som er det mest politisk korrekte å meine i dagens Noreg. Det ein kunne kalle for den norske "dialektideologien", går ut på at dialekt heng saman med identitet, genuinitet og ektheit og er noko ein nærmast er moralsk forplikta å ta vare på (jf. kap. 4, pkt. 4.2.3). Det er tydeleg at Iris til ei viss grad deler dette synet – i alle fall i prinsippet, om enn ikkje i praksis. Iris seier faktisk seinare i intervjuet at: "det er noe hellig over 'dialekter altså for at det ja = = tilhørighet = eller det". Andre stader i samtalen uttrykkjer Iris seg svært positivt om språket på Røros. Ho snakkar om at det er "vår eget" og at det er viktig å ta vare på. Ho seier at det er "stilig" og "tøft" med dialekt, og at det er synd at dei ikkje har klart å bevare den. I spørjeskjemaet som Iris fekk tilsendt i etterkant av intervjusamtalane (jf. vedlegg 7.4), har Iris markert og kommentert mange av dialektane i landet med positive adjektiv som "sjarmerende", "blødt og pent" og "flott". Fleire bydialektar, inkludert trondheimsmålet, får likevel ein meir negativ omtale, og om dialektane i osloområdet skriv ho at dette er kjedelege dialektar med lite særpreg, noko som tyder på at ho skil mellom by- og bygdedialektar. I tillegg skriv Iris følgjande: "Generelt synes jeg de fleste dialekter er sjarmerende, så lenge menneskene snakker de mest mulig gammelt, tradisjonelt og upåvirket. Kulturarv – kulturarv ☺". Sett på bakgrunn av hennar eige nokså nivellerte talemål er dette ein svært interessant kommentar, som føyer seg inn i den rekkja av "politisk korrekte" haldningar ho uttrykkjer når det gjeld rørosdialekten.

Iris teiknar eit bilete av rørosdialekten som noko skjørt og noko ein står i fare for å miste. Slik det går fram av dialogen nedafor, knyter Iris det å bruke dialekt til *vilje*, og seier at ho godt kunne ha snakka meir dialekt viss det var det om å gjere. Men etter alt å døme er det er ikkje viktig nok for Iris.

Unn: så du er like mykje -- er du like mykje rørosing sjøl om du ikkje snakkar rørosing eller?
Iris: ja = det vil je si
Unn: ja
Iris: ja tja (LATTER) == joda == såklart at = dia'lekt har jo noe med 'tilhørighet og sånn å gjør men je ser på meg sjøl som rørosing ja
Unn: ja
Iris: altså je kan alltids prate skikkelig 'dialekt viss je bare vil
Unn: ja
Iris: je har aldri vært noe flink til det men je kan == det kan je
Unn: men du gjer det ikkje sånn til vanlig liksom når du snakkar [med]
Iris: [ikke] noe voldsomt nei
Unn: nei er det sånn at dei andre kommenterar det?
Iris: nei
Unn: nei

Iris: det finnes jo folk som prater bra rørosing = det gjør det
Unn: men men er det sånn at liksom du snakkar liksom merkbart annleis enn [dei andre?]
Iris: [nei nei] det vil je ikke si
Unn: men du er meir sånn = vanlig
Iris: ja kanskje = altså = det der er litt vanskelig == kanskje litt =ee= litt sløvere (LATTER) som jæi nevnte enn de andre == men =ee= prate nok som hopen egentlig [ja]

Iris er inne på at språk har noko med tilhørsle å gjere, men meiner likevel at ho er vel så mykje rørosing sjølv om ho ikkje *snakkar* utprega rørosing. Men kor mykje eller lite rørosdialekt kan ein snakke for at det skal passere som "rørosing"? Kan ein f.eks. vere rørosing sjølv om ein ikkje snakkar rørosdialekt i det heile? I eigne auge kan ein sjølvsagt dét. Men det er slett ikkje sikkert at omgivnadene vil kjenne att eller erkjenne statusen som rørosing viss ein ikkje signaliserer denne tilhørsla språkleg (jf. kap. 5, pkt. 5.3 om sjølv- kontra alterdefinert identitet). No inneheld nok dialekten til Iris tilstrekkeleg mange språktrekk som knyter henne til staden, slik at det ikkje skulle vere noko problem – i alle fall ikkje i forhold til andre rørosungdomar. Etter eiga utsegn blir ikkje språkbruken hennar kommentert spesielt av dei andre ungdomane. Det kan anten tyde på at Iris snakkar meir nivellert i samtalen med meg enn ho gjer elles, eller, meir sannsynleg, at rørosungdomen er ganske liberale når det gjeld dialektvariasjon, og at slingringsmonen med omsyn til kva som blir akseptert som gangbar rørosdialekt, er relativt stort. Auka mobilitet og urban orientering har gjerne gjort sitt til at Røros har utvikla seg mot eit meir eksogent og ope samfunn, som tillet meir variabilitet og språkleg heterogenitet, enn tidlegare (jf. kap. 4, pkt. 4.2). Men, som vi vil kome attende til seinare, varierer nok takhøgda mykje her. Den sosiale kontrollen og språklege sanksjoneringa er nok vesentleg større innafor enkelte grupper enn innafor andre.


Iris bur i utkanten av kommunen, og ein kunne slik sett vente at ho skulle vere relativt tradisjonsorientert. Men Iris er tvert om eit døme på at utkantungdom kan vere vel så urbant orienterte som sentrumsungdomen, og heller ligge i framkant enn i etterkant av dialektutviklinga. Ho er også døme på ein ungdom som uttrykkjer at ho er svært positivt innstilt til heimstaden og dialekten sin, men som likevel nivellerer dialekten mykje. Iris er nok mest orientert mot typisk urbane aktivitetar og verdiar, og lengtar etter ein meir urban livsstil enn den Røros kan tilby. Samtidig er ho veldig glad i og stolt av Røros. Iris seier at rørosingar generelt er stolte av heimplassen sin – ikkje minst pga. plasseringa på Unesco si verdsarvliste saman med pyramidane i Egypt. Det å vere ein blant dei "store" gir, etter det Iris seier, ei eiga stoltheit og styrkjer sjølvkjensla. Men Iris er også kritisk til Røros. Ho seier at det kan bli for smått og kjedeleg, og at det er for få tilbod for ungdom. Ho saknar særleg eit breiare og meir ambisiøst kulturtilbod, og meiner at det er for få moglegheiter på

Røros. Det er ingen tvil om at Iris skal ut av bygda etter vidaregåande. Samtidig er ho ikkje framand for tanken om å flytte heim ein gong i framtida. Ho seier at mange oppdagar kor flott Røros er når dei flyttar ut, og trur kanskje at dette vil gjelde for henne også.

Talemålet til foreldra er utan tvil ein viktig faktor for å forstå kvifor Iris snakkar ein såpass nivellert rørosdialekt som ho gjer. Iris er dottera til Tom. Som vi har sett, snakkar også han eit nokså nivellert rørosmål og skil seg på den måten seg kraftig ut frå si aldersgruppe (jf. pkt. 8.2.7, 8.5 og 9.2.10). Dersom vi samanliknar far og dotter går det fram at dei er ganske like språkleg sett. Iris har likevel jamt over har fleire nivellerte former enn faren, noko som indikerer at nivelleringsraten har auka i neste generasjon. Iris seier dessutan eksplisitt at ho er påverka av mora og bestemora som begge kjem frå Trondheim og snakkar "fintrondhjemmer".

Den sosiale profilen til Iris "stemmer" på mange måtar med det overordna biletet som vart teikna i kapittel 9 av korleis sosiale og språklege variablar interagerer. Iris er frå ein akademisk familie, berre ein av foreldra er frå plassen, ho er mest orientert mot ein urban og moderne livsstil og ho vil flytte ut av bygda. Det som ikkje "stemmer", er at ho tilsynelatande er så positiv både til heimplassen og dialekten, men likevel har ein såpass nivellert dialekt sjølv. Som vi såg av sitata ovafor, har Iris likevel ein del ambivalente og til dels motsetnadsfylte kjensler og haldningar til dialekt og dialektbruk. På eitt nivå er det gjævt med dialekt og det er noko ho meiner ein ideelt sett bør ta vare på, men på eit anna nivå er ikkje dette viktig nok for henne. Ho uttrykkjer ingen ønske om å snakke meir dialekt. Ho seier at ho *kunne* ha gjort det dersom ho hadde ønskt det, men det er tydeleg at ho ikkje vil det nok. Her ser vi tydeleg illustrert forskjellen mellom det ideelle nivået på den eine sida, dvs. det som ideologisk sett kjennest rettast å seie og meine, og det praktiske nivået på den andre, dvs. det som kjennest rettast å *gjere* i konkrete samtalesituasjonar. Uttrykt ideologisk haldning og sosial praksis er openbert ikkje det same, og treng ikkje å følgjast åt. Denne motsetnaden mellom det politisk korrekte og den faktiske praksisen er ikkje noko Iris er åleine om, men er tvert om noko som dukkar opp i ei eller anna form hos mest alle informantane. Svært få rakkar ope ned på dialektar generelt og sin eigen dialekt spesielt. Dette viser kor stort gjennomslag "pro-dialekt-ideologien" har hatt, men også at han i praksis ikkje nødvendigvis fungerer normbevarande.

10.1.1.2 Finn



Finn: gut 18 år
- Er oppvaksen i sentrum av Røros
- Går på yrkesfagleg studieretning
- Begge foreldra er frå Røros
- Har ein eldre bror som bur på Røros
- Har kjærast frå Røros
- Er frå ein ikkje-akademisk familie
- Vil busetje seg på Røros
- Er mest interessert i lokale aktivitetar og verdiar
- Er negativ til ein urban livsstil – kunne aldri tenkje seg å bu i by
- Er ein typisk "bus"
- Er svært positiv til Røros og rørosdialekten

Figur 10.1.2 Oversyn over variantfordelinga hos Finn

Finn, den språklege motpolen til Iris, bruker så å seie berre dei lokale variantane ved dei ulike språktrekka (jf. fig. 10.1.2 ovafor). Han bruker dessutan mange andre lokale trekk og lokale ord og uttrykk som ikkje er studerte som variablar her. Han bruker t.d. mest gjennomført påstad-dativ, og ei rekkje typiske rørosord og -uttrykk som *kjøle artutt*, *toskut*, *jåsåt, farang* og *grop*. Han har også hyppig bruk av ein del småord som gir lokal kulør til språket og pregar samtalestilen. Han bruker *no*, *'a* og *sjø* som diskursmarkørar og bruker i hovudsak dei lokale preposisjonsformene *tå, åt* og *ti*.

Eg hadde to intervjusamtalar med Finn, ein med han åleine og ein med Finn og kompisen Trym. Sitata her er henta frå begge samtalane, men det er samtalen med Finn åleine som ligg til grunn for den språklege analysen. Det er også i denne samtalen at Finn fortel mest om ulike sider ved og episodar frå ungdomsmiljøet på Røros. Finn seier sjølv at han snakkar "rett rørosing", men seier at han kanskje legg om litt av og til, og at han ikkje kan alle dei orda som "gamlekara" kan. For å skildre det tradisjonelle rørosmålet, bruker Finn ord som *rett*, *kav* og *ren rørosing*, medan han bruker ord som *forfina*, *finsnakk* og *bokmålaktig* for å skildre eit meir nivellert rørosmål. Han seier vidare at enkelte snakkar "ei helt anna 'dialekt omtrent eller = rett og slett bokmål". Som vi kan sjå av sitatet i intervjuutdraget i boksen nedafor, er det ifølgje Finn "bokmål" som er normidealet for

mange rørosungdomar og ikkje trondheimsdialekten. Finn er ikkje åleine om å hevde dette. Dei fleste rørosinformantane ser ut til å vere av den oppfatninga at nivelleringa skjer i retning av *riksmål*, *bokmål*, *oslodialekt*, *austlandsk* el.l., og ikkje i retning av trøndersk. Men Finn er ikkje særskilt begeistra for det såkalla "bokmålet". I spørjeskjemaet som Finn fekk tilsendt i etterkant av dei to intervjusamtalane, har han karakterisert sin eigen dialekt som "*super*", medan heile austlandsområdet og Sørlandet har fått merkelappen "*jålete*".

Finn: ja = det er nå innstillinga åt mange da at dæm itt ska snakke-- dæm ska snakke rett fint 'a vet du det = det er no itt rett det hell da mene no je 'a men = mye likar å =
Unn: men ka =e= ka korleis er rett fint då [er det]
Finn: [bokmål]
Unn: det er bokmål?
Finn: ja rett som
Unn: det er ikkje sånn som i Trondheim altså?
Finn: nei

Finn meiner at ein finn meir dialektbruk på yrkesfag enn på allmennfag, og at jentene generelt snakkar mindre dialektnært enn gutane. Finn forklarer forskjellen mellom yrkesfag og allmennfag med at det er fleire innflyttarar og fleire som har foreldre som ikkje er frå Røros, på allmennfag. Forskjellen mellom jentene og gutane forklarer han med at jentene er meir opptekne av å følgje *moten*, og vere *moderne*, supplerer Trym. Her blir altså motsetnaden mellom *tradisjonen* på den eine sida og det *moderne* på den andre aktualisert:

Finn: det er no fåtal jenta som snakke ren rørosing ja [= som har vøre oppå her all sin] dag = dæm er jo mer = (LATTER) [[= ja skal sjå]] opp til mota liksom og da = blir det nå fort dæm itt snakke = altså = ja = nei je er mer (UFF) jent- jentflokka skull je til å sei eller jentkameratskap det blir jo = mer finsnakk = bokmålaktig = det er klart det = det er jo noen-- ein del eller noen da som har = noen ord slik 'a = men så blir det når ein skjær ut med slike =e= fæle ord (BOKMÅLSORD)
Trym: [ja det er ikke mange altså] [['moderne (LATTER)]] ja = je blir forbanna je på sånne som snakker så fint (UFF) det 'irritere meg =
Finn: det er jo ikke 'naturlig 'a når dæm har bodd her all sin dag at dæm skal snakke ei helt anna 'dialekt omtrent eller = rett og slett bokmål = = stemme itt [=] så det er dårlig at dæm itt prøve å hæll på 'dialekta noe

Etter det vi såg i korrespondanseanalysen i kapittel 9, har Finn og Trym berre delvis rett i det dei seier her. Korrespondansekarta viste nemleg at det er soss/skatar-gutane og ikkje jentene som har flest nivellerte former – med unntak av Iris då. Ønsket om å vere moderne gjeld altså ikkje berre jentene, men i vel så stor grad dei urbant orienterte gutane.

Tidlegare i intervjuet seier begge gutane at dei brukar å rette på eller seie frå til kameratar dersom dei skulle legge om. Haldningar og handlingar som dette finn vi mest berre blant lokalt orienterte yrkesfaggutar, busar, som Finn og Trym. Gjennomgangstonen blant dei andre ungdomane er, som vi såg hos Iris, at ein korkje rettar andre eller blir retta på. Dei sosiale sanksjonane knytte til det å endre på dialekten kontra det å halde seg til den lokale norma, ser med andre ord ut til å vere noko ulikt fordelte i ulike grupper. I det

miljøet Iris er ein del av, er det språklege solidaritetskravet tydelegvis temmeleg lågt, medan den språksosiale kontrollen er mykje sterkare i omgangskrinsen til Finn. I motsetnad til Iris, som meiner at ho er vel så mykje rørosing sjølv om ho ikkje snakkar rørosing, er eitt av kriteria på ein rørosing for Finn nettopp det å prøve å halde på dialekten:

Unn: [=] ja = men kva er ein typisk rørosing for dokke då?
Finn: [mm] nei det er nå en som = er =e= født på Røros og bor på Røros 'a [=] og = = prøve å hæll 'dialekta sånn noenlunde i vert fall [[=]] (…) = legg merke til det sjøl det visst en er mye i lag med noen som itt snakke rørosing så blir det noen slike ord da s- [= slengord]
Unn: [ja] [[ja]]
Trym: [[ja]] [men det =] kjæm noen ord ja
Unn: men er det stor forskjell =e= mellom = mellom koss folk snakkar = her
Finn: her ja? [=] ja det er så mye finprat skull te å sei (LATTER) [[=]] eller dæm = = det blir vel mer slik 'dialekt på yrkesfag når en kjæm på allmennfag der kjæm jo litte = altså at dæm har =e= 'foreldre kanskje som er = ikke er fra Røros så kanskje dæm itt har bodd på Røros hele tida og da = smitte det fort over
Trym: [oo ja]

Finn kallar seg sjølv for "villmarksgubbe", og seier at han og kompisane hans alltid har drive mykje med friluftsliv. Han er aktivt med i Røde Kors og driv med orientering. Dessutan dansar han pols og er interessert i tradisjonsmusikk. Han seier at han heller vil høyre på og danse til gammaldansmusikk enn til "det derre disko-vræle". Finn er også svært interessert i røroshistorie og i rørosdialekten. Han er udelt positiv til heimstaden sin, og seier at han ikkje kunne ikkje tenkje seg å bu nokon annan stad – i alle fall ikkje i ein by. Byen tiltrekkjer han ikkje, og han har ingen typisk urbane interesser. Tvert om er han svært lokalt orientert. Han driv stort sett med ting som er knytt til lokal kultur og natur, og er oppteken av å ta vare på tradisjonar. Finn seier at han heilt sikkert vil bli buande på Røros, men heller i utkanten av kommunen enn i sentrum, der han har vakse opp. Han meiner at det er meir enn nok å ta seg til på Røros, og kritiserer dei som klagar over at det er kjedeleg på Røros, for å vere lite oppfinnsame.

Mange av rørosungdomane skildrar den typiske rørosingen som ein som drikk karsk, snuser og køyrer skuter. Dette stemmer delvis med det biletet Finn teiknar av sitt eige miljø, men sjølv driv han, som vi har sett, også med andre ting. Men som Finn seier, så er det mest ingen på hans alder som dansar rørospols lenger. Det har vore svært dårleg rekruttering dei seinare åra – særleg av jenter. Etter det Finn seier, er det ein forholdsvis liten gjeng som alle har røtene sine på Røros, som driv på med pols. Dei fleste kjem frå Brekken eller Glåmos, og ikkje frå sjølve Bergstaden.

Det sosiale nettverket til Finn er i all hovudsak lokalt basert. Den nære familien, kjærasten, venner og arbeidskameratar er alle frå Røros. I hans eiga skisse over sitt sosiale

nettverk, finst det ingen frå osloområdet og heller ingen frå andre delar av landet. Han har eit tett og stabilt nettverk rundt seg som han skriv at han er svært nøgd med. Ein slik tett nettverksstruktur kan også vere med på å forklare kvifor Finn snakkar så tradisjonelt som han gjer. Sjølv om Finn er svært tradisjonsorientert, er favorittprogramma hans på tv like fullt Ally McBeal og Hotel Cæsar – til liks med dei fleste andre ungdomane eg snakka med. Han blir, som alle andre ungdomar, påverka av og får impulsar frå den nasjonale og internasjonale medie-, musikk- og filmindustrien. Finn er likevel ikkje særleg oppteken av motar og trendar eller av den internasjonale ungdomskulturen. Han er nok først og fremst tradisjonsorientert, men står likevel fram som "moderne" på den måten at han verkar ha høgt medvit kring eigne tradisjonsval. Slik vi var inne ovafor, har det tradisjonelle i større grad vorte eit spørsmål om val (jf. kap. 5, pkt. 5.2.2, kap. 9, pkt. 9.2.3).


Som Skogen (2001:61) peiker på, er det vanleg å gå ut frå at sosial endring fører til utvikling av nye kulturtrekk og forståingsmåtar, og til mobilitet frå "tradisjonelle" til "moderne" kulturelle felt. Men sosiale endringsprosessar pressar også fram tydelegare kulturell posisjonering og konsolidering for folk som identifiserer seg med meir tradisjonelle kulturuttrykk. Det å gå inn i tradisjonelle fritidsaktivitetar som t.d. pols, kan på den måten vere ledd i ein aktiv identitetskonstruksjon der ein markerer avstand til visse sider av samfunnsutviklinga. I eit ungdomsmiljø som for ein stor del er prega av ein overgang frå det lokale og tradisjonelle til fordel for det urbane, internasjonale og moderne, blir derfor det å danse pols, drive med tradisjonelt friluftsliv og snakke ein tradisjonell rørosdialekt markerte og meiningsberande val. Det å halde fast ved ein tradisjonell livsstil i nærkontakt med den lokale naturen og kulturen, treng det med andre ord ikkje vere noko "stusseleg" over, slik ein av og til kan få inntrykk av gjennom norske massemedium, der unge menn som lever tradisjonelt i bygdenorge gjerne blir framstilte som marginaliserte tusseladdar (jf. Skogen 2001:66). Inntrykket av Finn og dei andre gutane i bus-gjengen stemmer dårleg overeins med dette medieskapte biletet. Dei står tvert om fram som ressurssterke, reflekterte og tradisjonsbevisste ungdomar.

Den sosiale profilen til Finn er i samsvar med og utdjupar det overordna biletet som vart teikna i kapittel 9 av korleis sosiale og språklege variablar interagerer. Finn er eksempel på ein svært lokalt orientert person med tette lokale nettverk og som er oppteken av å halde lokale tradisjonar, inkludert dialekten, ved like. Tette nettverk, interesse for, orientering mot og identifikasjon med det lokale og tradisjonelle er faktorar som er med på å forklare for kvifor Finn snakkar eit så tradisjonelt rørosmål som han gjer.

10.1.2 Bjørn og Sondre

Bjørn og Sondre er begge representantar for soss/skatar-gjengen. Men der Sondre kanskje er ein prototypisk soss, er Bjørn ein noko meir atypisk skatar. Felles for dei er at dei er urbant orienterte gutar frå akademiske familiar der berre ein forelder er frå Røros. Elles er dei sosiale profilane deira nokså ulike. Men trass i at dette er to temmeleg forskjellige gutar, har dei det til felles at dei snakkar ein ganske nivellert rørosdialekt. Begge har ein gjennomsnittleg nivelleringsprosent på rundt 50 %. Korleis kan det så ha seg at dei snakkar såpass likt, sjølv om den sosiale profilen, i alle fall til dels, er ganske forskjellig? Dette er blant dei spørsmåla eg vil forsøke å kaste lys over nedafor.

10.1.2.1 Bjørn



Bjørn: gut 17 år
- Er oppvaksen og bur i sentrum av Røros
- Går på yrkesfagleg studieretning
- Mor er frå Oslo og far frå Røros
- Kjem frå ein akademisk familie
- Vil utdanne seg til snikkar og busetje seg på Røros
- Er både lokalt og urbant orientert
- Er oppteken av og driv med typisk urbane aktivitetar, men driv også med meir lokale aktivitetar
- Likar byen, men kunne ikkje tenkje seg å bu i by
- Er svært positiv til heimstaden og til dels også til rørosdialekten

Figur 10.1.3 Oversyn over variantfordelinga hos Bjørn

Bjørn skildrar sin eigen dialekt som ei blanding mellom røros- og oslomål, og seier, som vi skal sjå nedafor, at han kunne ha tenkt seg å snakke *meir* rørosdialekt. Bjørn har få typiske rørosord og -uttrykk. Han har ingen spor av dativ, ingen tilfelle av diskursmarkøren *sjø* og han bruker stort sett preposisjonane *til, for/av* og *i*. Som vi kan sjå av figur 10.1.3 ovafor, er både den spesielle Røros-*s*-en og dei palatale alveolarane så å seie heilt fråverande hos Bjørn. Han bruker heller nesten ikkje nektingsadverbialet *itt*, lokale supinumsformer eller *kv-/k-* i spørje- og resiprokpronomen. I intervjuutdraget som følgjer nedafor, ser vi at Bjørn

uttrykkjer temmeleg ambivalente og til dels motstridande kjensler i høve til rørosdialekten og slik han sjølv snakkar:

Unn: ja synes du den er fin dialekten din da? [er du fornøgd] med den?
Bjørn: [(LATTER)] ja skal vel ikke klaga men = kunne vel ha hatt litt mer rørospreg over den men det = det er vel litt sent å legge over att nå da
(...)
Unn: viss du skulle ha rangert = rørosdialekten sånn i forhold til andre dialekta i landet ka ville du [[(UFF)]]
Bjørn: [[nei da]] synes je den er fin
(...)
Unn: [ja mm] men sånn i forhold til oslodialekten da som er kanskje den du kjenner best
Bjørn: =e= je synes vel at rørosdialekten er finar [[ ]] men = = ja = den er vel grei oslodialekten òg men [=] ja je snakke ikke så veldig = je snakke ikke = verken kav rørosing eller kav Oslo = osloing holl je på å si [[ ]] iallfall
Unn: [[ja]] [mm] [[mm]] mm men er det noken situasjonar du = kunne tenke deg at at du kanskje ville ha prøvd å snakke meir sånn som i Oslo eller snakke [litt mindre utprega rørosing?]
Bjørn: [nei =e=] det hadde vært morsomt å snakka litt mer rørosing sjølsagt men [[=]] men =e= viss je anstrenge meg litt så går vel det bra og men [ ] det er ikke så veldig mye om å gjørra det
Unn: [[ja]] [ja] nei men eg tenker på om dei situasjonane der du ville prøvd å snakke mindre = enn det du gjer?
Bjørn: nei det har je ikke tenkt noe sånn spesi'elt mye på men = = det kan jo godt hende at noen ganga
Unn: mm = det er ikkje sånn at du synes at den høyres litt sånn bondsk ut den rørosdialekten? [[i forhold til ei oslodialekt?]]
Bjørn: [[nei =e=]] det blir jo sjølsagt altså det kjem jo mer fra = fra landet da enn men = nei je synes = je syn- = det har ikke noe å si at den er = synes det er ganske fint = at du =e= du greie å snakke litt bredt da [ ] ikke bare oslodialekt men = viss du fæ en blanding mellom det = men det hadde jo sjølsagt vært veldig morsomt å snakke kav rørosing men [[=]] det er ikke så veldig enkelt når ein del av folkan du er sammen med og sånn som [=] som sagt som = ikke snakke da (IKKJE SNAKKAR DIALEKT)

I dette utdraget ser vi igjen tydeleg illustrert konflikten mellom det "politisk korrekte" dialektsynet på den eine sida, og dei krava ein blir stilt overfor i konkrete samtale-situasjonar på den andre. Bjørn har tydeleg internalisert "pro-dialekt-ideologien" og insisterer på at det hadde vore fint å snakke *meir* dialekt. Men dei krava som blir stilte til språkbruk i ansikt–til–ansikt-situasjonar, er gjerne ikkje moglege å sameine med dei språk-ideologiske krava om å halde på dialekten. Dessutan er det ikkje *så* viktig for Bjørn. Kan hende er det også intervjusituasjonen og vissheita om at han snakkar med ei "dialektdame", som får han til å gjenta ønsket om å snakke meir dialekt. Faktum er i alle fall at Bjørn snakkar ein temmeleg nivellert variant av rørosdialekten i samtalen med meg. Dei positive dialekthaldningane han uttrykkjer, kjem altså ikkje til syne i dei konkrete språkvala han gjer her. Det gjorde dei heller ikkje hos Iris (jf. pkt. 10.1.1.1 ovafor). Som Iris meiner også Bjørn at han *kunne* ha snakka meir rørosing viss han hadde lagt seg i selen, men *så* viktig er det likevel ikkje for han. Korleis kameratane snakkar, er openbert viktig for Bjørn, og er tydeleg ein av grunnane til at han ikkje er villig til å gå inn for å snakke "meir dialekt". På spørsmål om han blir retta på, fortel Bjørn at det hender at nokre av kameratane hans seier

at han snakkar litt "fint". Det må bety at Bjørn både har kameratar som snakkar ein meir tradisjonell dialekt og kameratar som ikkje gjer det. Men det er tydeleg at dei sistnemnde er viktigast for og har størst innverknad på dei språklege vala til Bjørn.

Bjørn seier at han snakkar eit blandingsspråk, og forklarer det med at mora er frå Oslo og at dei færraste i klassa hans på barneskulen snakka rørosdialekt sidan mange av dei var innflyttarungar. Dette blandingsspråket har ifølgje Bjørn den fordelen at det er lettare å forstå enn ein meir gjennomført rørosdialekt. Besteforeldra hans på farssida snakkar, etter det Bjørn seier, mykje "breiare" enn det han sjølv gjer, og han har fått ein del kommentarar på eigen dialekt frå dei. Også faren kommenterer at sonen ikkje snakkar rørosing. Men som han seier: "det = tar je bare med = med bare med litt humor og sånn [det] = je kjæm jo herfra je har jo-- det er jo bare her je har bodd så det = så det tar je ikke noe alv'orlig nei." Som Iris meiner også Bjørn at ein godt kan vere "skikkeleg" rørosing sjølv om ein ikkje snakkar "skikkeleg" rørosdialekt (jf. sitatboksen). Bjørn seier at han trur alle i Noreg vil miste dialekten sin etter kvart, dersom folk ikkje verkeleg går inn for at "dialekten *den* vil je holle på". Bjørn hevdar at det nesten ikkje er nokon som snakkar "kav" rørosing blant ungdomen.

> Bjørn: for at = ja det har jo ikke noe å si om du = du snakker-- det har ikke noe å si keffer no 'dialekt du snakke da = egentlig ikke selv om du er fra den plassen så treng du ikke å snakke slik [=] som dæm gjør på den plassen da


Bjørn har vorte plassert i soss/skatar-gruppa, men han er på mange måtar ein litt uvanleg skatartype. Han driv rett nok både med skateboard og snowboard, men han er også med i Røde Kors og fortel at han er glad i friluftsliv og skuterkøyring. Sjølv om Bjørn er mest oppteken av urbane aktivitetar som skating, er han altså også orientert mot lokale aktivitetar og lokal kultur. Men han seier svært tydeleg at han ikkje er ein av "karsk-, snus- og skuter-gutta", sjølv om han likar å køyre skuter. Bjørn assosierer først og fremst bruken av ein "brei" rørosdialekt med busen, og seier at "det blir vel litt mye snus og de greiene". Ein grunn til at han distanserer seg noko frå rørosdialekten, kan altså vere at han ikkje ønskjer å bli identifisert med busen.

Som den einaste av skatar-gutane vil Bjørn gjerne busetje seg på Røros, og seier at han ikkje kunne tenkje seg å bu i by. Bjørn går på yrkesfagleg studieretning og planlegg å bli snikkar. Det sosiale nettverket til Bjørn er noko meir samansett enn f.eks. Finn sitt nettverk. Bjørn har nære kameratar som er innflyttarar, men dei fleste vennane hans er likevel frå Røros. Sjølv om innflyttarungdomen i tal ikkje er så mange, er det tydeleg at dei har stor sosial tyding og er viktige språklege referansar for Bjørn. Ut frå det sosiale nettverkskartet Bjørn har teikna, går det også fram at tilhørsla til skatar-gjengen og

vennskapen med innflyttarungdom er viktigare for Bjørn enn vennskapen han har med dei bus-gutane han går saman med på yrkesfag. Bestekompisen til Bjørn er innflyttar, går på allmennfag og er også med i skatar-gjengen. Ungdom med innflyttarbakgrunn og tilhørsle i soss/skatar-gjengen utgjer med andre ord såkalla "significant other" (jf. Mead 1934) – dvs. særleg viktige personar i eit individs nettverk som vedkomande interagerer ofte med, og som spelar ei sentral rolle for handlingsmønstra til individet.

Bjørn er den einaste av informantane eg har snakka med, som har foreldre med akademisk yrke og utdanning, men som sjølv satsar på ei handverksutdanning og planlegg ei framtid på heimplassen. Han er den einaste av soss/skatar-gjengen som går på yrkesfagleg studieretning, og den einaste i denne gjengen som er positivt innstilt til heimplassen og til dels også til dialekten. Som vi ser, skil Bjørn seg altså på mange måtar ut frå både dei andre på yrkesfag og dei andre i skatar-gjengen. Han kombinerer lokale og urbane interesser. Han har tilhørsle i fleire leirar, og vel å plassere seg i eit anna sosialt miljø enn foreldra sine. Språkleg sett slår likevel den akademiske bakgrunnen, mor frå Oslo, innflyttarvennane og skatarinteressene sterkast ut.

10.1.2.2 Sondre




Figur 10.1.4 Oversyn over variantfordelinga hos Sondre

Sondre: gut 18 år
- Er oppvaksen på Glåmos, men flytta til sentrum då han var 15 år
- Mor frå Orkanger, far frå Røros (sentrum)
- Har ein eldre bror som bur på Røros
- Kjem frå ein akademisk familie
- Vil utdanne seg innafor data
- Går på allmennfagleg studieretning
- Vil *ikkje* busetje seg på Røros – vil til ein større plass med fleire tilbod
- Er oppteken av stil og klede og stiller i kategorien prototypisk "soss"
- Er negativ til heimstaden og til rørosdialekten
- Er *ikkje* oppteken av lokale tradisjonar og verdiar
- Er klart mest urbant orientert

Sondre skildrar sin eigen dialekt som ei blanding av oslo- og rørosdialekt, og fortel at han har lagt om ein del etter at han flytta frå Glåmos til Røros sentrum. Som Bjørn har Sondre ingen førekomstar av Røros-*s*-en, mest ingen palatale alveolarar og svært få førekomstar av

lokale supinumsformer, nektingsadverbialet *itt*, jamningsformer og monoftongar. Men ved resten av variablane held Sondre seg stort sett til dei lokale variantane (jf. fig. 10.1.4 ovafor). Sondre tykkjer ikkje noko særleg om rørosdialekten og han trur at andre oppfattar han som stygg. Han seier til og med at han skjemst over den tradisjonelle rørosdialekten (jf. sitatboksen). I forhold til trondheimsdialekten er likevel rørosdialekten å føretrekkje, meiner Sondre, men oslodialekten eller bokmål er betre. Akkurat dette er Sondre slett ikkje åleine om å meine. Dei aller fleste rørosungdomane tykkjer rørosdialekten er finare enn den "breiale" trondheimsdialekten, som er den dialekten mange seier at dei likar aller minst. Ei jente skriv t.d.: "Hater trondheimsdialekten. Bred og brautende". På kartet i spørjeskjemaet Sondre fekk tilsendt etter intervjuet, skriv han "stygt" om dialektane rundt Trondheim og sørover, mens det står "vanlig, populær" ved ein ring rundt osloområdet. Det at den nærmaste bydialekten får eit negativt stempel og gjerne er den bygdefolket omring likar minst, er ikkje noko ukjent fenomen. Konkurransen med byen og kjensla av å bli sett ned på av byungdomen ligg nok mykje sannsynleg under her. Det betyr likevel *ikkje* at bydialekten ikkje fungerer som eit språkleg normideal for ungdom i bygdene omkring. Det er tvert om mykje som tyder på at Trondheim representerer eit viktig språkleg normideal for ungdom på Røros. Dette mønsteret høver godt med den såkalla egosentriske dialektmodellen (jf. Andersson 2001:141):

> Unn: har du opplevd å at du ha- at du har vore flau over dialekten din nokon gong? = [=] eller flau over å høyre andre bruke den? altså sånn der på TV eller radio eller
> Sondre: [=e=] ja (LATTER) i så fall viss dæm tar sånn = skikkelig og = ja ikke-- = snakke som dæm gjorde for kanskje femti år sia [[=]] = da ja = da skjemmes je faktisk (LATTER)



Ifølgje denne modellen har folk ofte eit ambivalent forhold til sin eigen dialekt, eit svært negativt forhold til den nærmaste nabodialekten, eller nærmaste bydialekten, og gradvis meir positive haldningar til dialektar dess lenger unna dei ligg geografisk sett. Sondre og dei fleste andre ungdomane på Røros set, som tidlegare nemnt, heller opp Oslo som ideal framfor Trondheim. Dialektane rundt Oslo blir karakterisert som "vanlege", "lette å forstå", "fine" og "populære", men nokre skriv også "jålete", "kjedelig" og "lite særpreg"

om dialektane i det sentrale austlandsområdet. Her spelar nok ikkje berre geografisk avstand, men også sosial prestisje inn.

Fleire av gutane i sosse-gjengen tykkjer at rørosdialekten er "harry", "dust" og "forferdeleg", men seier også at det høyrest heilt "dust" ut å legge heilt over til "osloing". Sondre fortel at det har vore ein del krangling om dialekt kameratane imellom. Dette tyder på at det trass alt er ein viss språkleg-sosial kontroll i denne gjengen. Ein kan godt, og bør kanskje til og med, legge om ein del dersom ein høyrer til blant sossen, men ein bør ikkje legge *heilt* om. Ein bør altså korkje snakke "reint" rørosmål eller "reint" oslomål. Det kan tyde på at røtene likevel er viktige trass i dei negative haldningane til Røros. På spørsmål om kva Sondre tykkjer om at rørosdialekten kanskje er i ferd med å forsvinne, seier han:

Sondre: [=e=] jo det er vel kanskje det beste men samtidig det går jo-- = en del av = kulturhistoria går jo tapt da
Unn: mm = men er det ei nødvendigheit trur du?
Sondre: =e= om det er nødvendig det er ikke sikkert men = ja = =e=
Unn: men korfor blir det sånn? =
Sondre: (LATTER)
Unn: nei?
Sondre: vanskelig spørsmål
Unn: ja e- v- =e= det er berre det i tilfelle du har nokon synspunkt på det liksom
Sondre: nei det er ikke godt å si det = kanskje = = f- f- folk flytter hit fra = andre plassa og [=] kanskje får ei mor som = snakk- kjæm fra en anna plass og = ja = kanskje venn- nei je har itt peiling je (LATTER)

Sondre meiner altså at språk og kultur heng i hop. Dermed er det kanskje ikkje like greitt at rørosdialekten forsvinn likevel, slik han først seier. Sondre er på mange måtar ein typisk representant for soss/skatar-gjengen. Han er svært urbant orientert og kunne aldri tenkje seg å busetje seg på Røros. Han tykkjer det er kjedeleg og tregt på Røros. Dette er ein klar gjennomgangstone for alle soss/skatar-gutane – unntatt Bjørn som vi såg skilte seg ut ved å vere positiv til Røros. Etter det Sondre seier, er det to hovudkategoriar av ungdom på Røros. Det er dei tradisjonsorienterte "bøndene" på den eine sida og den byorienterte "sossen" på den andre:

Unn: viss du skal på en måte beskrive = ungdomen på Røros = sånn ka typa det er eller ka dokke =e=
Sondre: ja =e= det er liksom forskjellige gruppa da [=] for eksempel sånn bønder [[=]] og = ja = litt mer som ser til (UFF) ja ka je ska si = mere sånn ja =e= ser kess ting er i byan og like det bedre enn bare den som er-- gamle 'kulturen her (UFF)
(…)
Sondre: ja dæm er sånn gode gamle bønder og sånnt
Unn: ja = og opptatt av på en måte tradisjonane her [=] og rørosmat og
Sondre: [ja] ja ikke rørosmat kanskje men [[=]] ja litt sånn held på 'dialekta veldig veldig sterkt sånn [=] ja
Unn: [[mm]] [mm] du er ikkje blant dei då
Sondre: je har =e= lagt om en god del sia at je flytta i vert fall [[= fra Glåmos]]
Unn: [[frå Glåmos?]] ja = som du har gjort bevisst på en måte eller? eller som du har =
Sondre: litt bevisst og ubevisst [=] blanding
Unn: [ja] kvifor det? har du tenkt noko på det?

Sondre: =e= ja (LATTER) nei altså dæm nye vennan her snakke jo litt finar da [[= =]] så blir jo så en legg om etter det kanskje
Unn: [[ja]] mm = = men du hadde bøndene og så hadde du den kategorien som var dei som er mest opptatt av det som [=]
Sondre: [ja] eller altså du kan kanskje kalle det litt mer soss [[=]] hell ja = hell (UFF) litt mer sånn = tenke mere på hvordan dæm ser ut og = ja = =
Unn: [[mm]] du er då i den kategorien du då [(LATTER)]
Sondre: [(LATTER)] ja kanskje delvis i vert fall

"Bøndene" er altså opptekne av å halde på dialekten og den gamle kulturen, medan "sossen" er meir opptekne av kva som går føre seg i byane og tenkjer meir på korleis dei ser ut. Her kjenner vi att hovuddistinksjonen mellom busen og sossen, som kom så tydeleg fram i korrespondanseanalysen. Som det går fram av samtaleutdraget, vil ikkje Sondre slutte seg fullstendig til sossen, men seier at han "kanskje delvis" høyrer heime i denne gruppa.[208] Litt lengre ute i samtalen omtalar Sondre "sin gjeng" som slike som er opptekne av stil og klede – altså identisk med slik han skildrar sossen, og han bruker dessutan det sjølvinkluderande pronomenet "vi" om sossen. Det er med andre ord liten tvil om at Sondre identifiserer seg mest med denne ungdomsgruppa. Sondre seier at dei som orienterer seg mot det urbane, konvergerer mot oslomål, men at det også finst dei som legg om i retning av trondheimsmålet:

Sondre: [[=ee=]] [nei for det] for dæm som er mer byorientert snakke litt mere mot = mot Oslo men == det er jo = noen da som snakke mer Trondheim [=] så da har vi kanskje dæm som = ja = gangstera eller (UFF) hva je skal kalle det viss du skjønne dæm snakke mer mot Trondheim
Unn: gangstera?
Sondre: ja = sånn wannabees
Unn: åja
Sondre: sånn vide buksa og = sægga nedpå langt nedpå l-
Unn: sæggarane altså?
Sondre: ja
Unn: mm
Sondre: og så kanskje = ja skatera viss vi kan kalle det det [=] som kategori [[ ]]
Unn: [mm] [[mm]] er der ein del av det?
Sondre: nei det er itt så veldig mange men det er vel noen
Unn: ja du driv ikkje noko med det du?
Sondre: nei

Her ser vi at Sondre skil ut skatarane som ei eiga gruppe. Pussig nok kallar han skatarane for *gangstera* og *wannabees*, og seier at denne gruppa er meir trondheimsorienterte språkleg sett, medan dei byorienterte sossane er meir osloorienterte. Dette er ikkje noko eg har funne støtte for hos dei andre ungdomane. Dei ungdomane som omtalar sossen og skatarane – eller "dei kule", ser tvert om oftast ut til å plassere dei i same kategori. Dei skatarane eg snakka med, som f.eks. Bjørn og Magne, er dessutan også meir orienterte mot

[208] Som tidlegare nemnt, er sjølvkategorisering ofte problematisk fordi det aktualiserer konflikten mellom markering av tilhørsle på den eine sida, og markering av individualitet på den andre (sjå diskusjonen i kap. 6, pkt. 6.2.8).

Oslo enn mot Trondheim – både kulturelt og språkleg (jf. diskusjon i kap. 6, pkt. 6.2.8). Om sin eigen gjeng seier Sondre:

Sondre: =e= gjengen min så kanskje blir sett på som = litt vel kvalm eller viss du skjønne [=] mens =e= ja = = det =
Unn: [mm] korf- korfor det trur du?
Sondre: nei (LATTER) kanskje litt overlegen og = ja = litt opptatt av merka kanskje [[merkeklær]] og sånn =
Unn: [[mm]] = = er dokke mykje til =e= til byen eller til Oslo då for å handle og sånn eller?
Sondre: ja men ofte og ofte det = en gang i blant i vert fall [men] Trondheim mest da siden det ligg nærmest =
Unn: [mm] mm = ja då blir det jo = blir det jo det men =e= folk i Trondheim då ka = ka syns dei om =e= rørosingen
Sondre: (LATTER) =e= den generelle rørosingen sånn som dæm ser på det er vel sånn = ja = går med = joggesko = og b- trange buksa langt oppå leggan kanskje litt sånn = ja adidasgensera og [[=]] men =e= ja
Unn: [[mm]] ja har du fått nokre kommentarar på =e= f- på =e= på det at du er herifrå eller på språket ditt = når du = når du er der?
Sondre: =e= det var mer før i vert fall på språket [=] men =e= de kommentara som går på klær og klea og sånn det er kanskje = at det = jaha noen som følger med der og liksom = ikke er helt utafor


Sondre meiner altså at gjengen hans blir møtt med negative reaksjonar lokalt, medan byungdomar derimot heller er positive. Blant byungdom får dei lovord for at dei er moderne og følgjer med i motebiletet. Sondre meiner, som vi har sett, at han har lagt om talespråket sitt ein god del etter at han flytta frå Glåmos og inn til Bergstaden. Dette er ifølgje Sondre eit resultat av ein både bevisst og ubevisst prosess. Den viktigaste grunnen er, slik han sjølv vurderer det, dei nye kameratane sitt talemål. Dei nye vennane i sentrum snakka "finare" enn det Sondre gjorde, og då vart det til at han la om etter kvart. Dei nye vennene, dei negative haldningane til Røros og den urbane orienteringa er nok viktige faktorar for å forstå kvifor Sondre har endra på dialekten sin etter at han flytta frå Glåmos.

Både Bjørn og Sondre bruker ein ganske nivellert rørosdialekt i samtalane med meg. Begge skildrar sitt eige talemål som ei blanding mellom røros- og oslodialekten. Sondre er temmeleg negativ til den tradisjonelle rørosdialekten, men positiv til sitt eige talemål, medan Bjørn har eit meir ambivalent forhold både til den tradisjonelle rørosdialekten og til sitt eige talemål. Felles for dei to gutane er likevel at dei ser ut til å meine at ei noko nivellert blandingsdialekt er å føretrekkje. Dei tykkjer korkje om å legge heilt om til oslomål eller å halde heilt på det gamle rørosmålet. Hybridisering er det beste. I korrespondanseanalysane ovafor hamnar dei to gutane innafor meir eller mindre same språklege og sosiale praksisfelt (jf. fig. 9.3 og 9.12). I informantportrettet har vi likevel sett at dei to er temmeleg forskjellige. Sosial bakgrunn, foreldrebakgrunn og gruppetilhørsle er nok dei viktigaste grunnane til at Bjørn snakkar som han gjer, medan negative haldningar til heimstaden og urban orientering forklarar Sondre sitt ønske om å ta avstand frå rørosdialekten.

10.1.3 Carola og Chris

Både Carola og Chris er tilhøyrer mellomgruppeungdomane. Dei er opptekne av og bruker mykje tid på skule og skulearbeid. Men medan Chris er utprega kultur- og samfunns-orientert, er Carola meir interessert i idrett. Derfor er Carola plassert i skule/idrett-gruppa, medan Chris sorterer under kategorien skule/kultur. Både Carola og Chris snakkar ein langt meir tradisjonell rørosdialekt enn skataren Bjørn og sossen Sondre. Desse gutane har, som vi såg under pkt. 10.1.2, begge ein gjennomsnittleg nivelleringsprosent på rundt 50 %, medan Chris og Carola ligg på høvesvis 13 % og 17 % i nivelleringsgjennomsnitt.

10.1.3.1 Carola



Figur 10.1.5 Oversyn over variantfordelinga hos Carola

Carola: jente 18 år
- Har vakse opp på Glåmos, men flytta til Røros då ho var 13 år
- Far er frå Røros og mor frå Ålen
- Har ei eldre søster, to yngre halvsøsken og ein stebror
- Har kjærast frå Røros
- Går på allmennfagleg studie-retning
- Er frå ein ikkje-akademisk familie
- Driv mykje med fotball og handball og er plassert i gruppa skule/idrett
- Kunne aldri tenkje seg å bu i by – er *ikkje* særleg urbant orientert
- Er svært positiv til Røros og til rørosdialekten
- Vil gjerne busetje seg på Røros
- Driv mest med lokalt baserte aktivitetar

Som Sondre har også Carola vakse opp på Glåmos, men flytta til Røros i fjortenårsalderen. Ho fortel også at ho har lagt om ein del på dialekten etter at ho flytta til Bergstaden. Kommentarar på typiske ord og uttrykk, førte til at dei vart lagde vekk. Som vi kan sjå av figur 10.1.5 over, er historiske jamvektsinfinitivar blant dei trekka som er minst resistente hos Carola. Dei andre trekka som er mest utsette for nivellering hos Carola, er rørossjibboletten og palatalane. Ved resten av språktrekka som er studerte her, bruker Carola i hovudsak dei tradisjonelle variantane. Carola har i tillegg innslag av dativ og ho vekslar mellom dei lokale preposisjonane *tå, åt* og *ti* og dei nivellerte variantane *til, for/av*

og *i.* Carola skildrar sitt eige talespråk som ein del "utvaska", men meiner likevel at ho snakkar *meir* rørosing enn mange andre ungdomar på Røros (jf. også kap. 6, pkt. 6.2.9.2):

Carola: [[ja så]] je fæ jo flere 'kamerater 'a vet du som er utanifra no- mange som har foreldra som ikke er fra Røros 'a som går i klassen sant [så] er med dæm kvar dag så blir det jo så at du legg om = en del
Unn: [mm] mm men korleis vil du karakterisere ditt din egen dialekt no då? =
Carola: en del utvaska tenkje je = [men] je snakke vel en del rørosing da [[=]] tru je da [(LATTER)] [[men det er jo forskjell]] på meg og farmor for eksempel [det] er det jo [[=]] men je trur nå at je snakke = ganske rørosing i vert fall det kjæm sånne ord = no og da som ikke = som er litt annsles enn =e= men je har litt fra Ålen og je 'a = mamma er jo ålbygg [=] så for eksempel "sjka" er jo rørosing [[men]] je sei "ska" av og til eller det sei dæm i Åla [=] så je bytte om litt (LATTER)
Unn: [ja] [[mm]] [mm] [[men snakkar du]] [ja] [[mm]] [ja] [[mm]] [mm] mm men snakkar du meir = meir =e= utprega rørosing enn andre ungdommar trur du eller mindre eller [[=]] sånn i klassa di liksom?
Carola: [[=e=]] mer enn mange ja trur je [vertfall] tå dæm =e= kule folka som hate Røros og-- dæm prøve jo å legg om bevisst 'a = dæm skal jo itt snakke noe rørosisk for det er jo = ikke noe kult (LATTER) [[for å si det sånn]] det er bondespråk har je fått inntrykk av at det er sånn [=] men = je vet itt je = det er itt så mange som snakke [[kav rørosisk vet je]]
Unn: [ja] [[seier du det?]] [ja] [[eg trur ikkje eg har fått eg har fått snakka]] med nokon av dei eg[209]
Carola: [(LATTER)] nei har it- nei dæm var sikkert itt 'interessert hell for dæm hate jo rørosisk itt sant

Svært mange av informantane, inkludert Carola, trekkjer fram påverknad frå venner med innflyttarbakgrunn som ein viktig grunn for at ein legg om. Som vi har sett, nemner både Iris, Finn, Bjørn og Sondre dette som forklaring. Sjølv om talet på ungdom med innflyttar-bakgrunn kanskje ikkje er så høgt, fungerer desse ungdomane tydelegvis som viktige språklege førebilete (jf. "the significant other" pkt. 10.1.2.1). Det å ikkje ha foreldre frå plassen er også noko mange av informantane trekkjer fram, og dette ser også ut til å vere ein "legitim" grunn for ikkje å snakke "kav" rørosing. Derimot ser det ikkje ut til å vere like legitimt eller forståeleg for Carola at dei "kule folka", som ho kallar dei, prøver å legge om *bevisst* fordi dei hatar Røros og tykkjer at rørosdialekten er "bondespråk". Seinare i samtalen seier Carola at det først og fremst er "ryssan" som har kasta seg på denne "kule" trenden. Jentene er stort sett positive til Røros. Mange jenter har lyst til å flytte, men etter det Carola seier, er det *ikkje* fordi dei tykkjer at Røros er ein fæl eller kjedeleg plass, men berre fordi det er kjekt å sjå nye plassar. Dette stemmer godt overeins med mine observasjonar, og med det som kom fram i korrespondanseanalysen. Jentene er jamt over meir positive til heimstaden, og det er fleire jenter enn gutar som seier at dei kunne tenkje seg å flytte attende til Røros. Carola er ei av dei. Ho vil ut for å studere, men vil gjerne flytte heim att. Trass i at Carola tydelegvis ikkje har nokon større sympati for dei haldningane som blir formidla av den gjengen som "hatar Røros", men sjølv er svært

[209] Dei såkalla "kule" folka, eller sossen/skatarane som eg har valt å kalle dei, var, slik eg har nemnt tidlegare og som det går fram i samtaleutdraget her, ikkje så lette å få i tale. Men etter diverse kafébesøk og direkte førespurnader fekk eg til slutt snakka med desse gutane også (jf. kap. 7, pkt. 7.1.1).

positiv både til heimstaden og til dialekten, innrømmer ho likevel at ho kan kjenne seg litt "dum" og "bondeaktig" dersom ho snakkar rørosmål med nokon som snakkar "bokmål":

Unn: men har du opplevd at dialekten var noke ulempe for deg = nokon gong? = at du liksom = = har kvidd deg for å ta ordet eller tenkt at uff nei no forstår ikkje dei meg [eller]
Carola: [ja] = je legg nå om når je snakke med = = for eksempel deg da = (LATTER) nei je = je tru itt je gjer det no kanskje = du har jo 'dialekt sjøl da = men når je snakke med folk som snakke mer bokmål da = da legg je litt om da sjø = (LATTER) [=] føle seg nesten litt dum viss en = snakke berre rørosisk da (LATTER) = i alle fall så gjer je det [[= =]] litt bondeaktig (LATTER) [= =] men je har aldri vørte mobba for det [[=]] aldri vørte mobba for det at je snakke rørosisk nei [=] så = legg vel om ubevisst tenkje je når en snakke med folk som snakke bokmål så [[=]] er det lett å legge om litt ubevisst
Unn: [mm] [[mm]] [ja = det e nok ganske] [[hm?]] [nei] [[ja]]


Interessant nok seier Carola at ho truleg *ikkje* legg så mykje om når ho snakkar med meg, fordi eg også snakkar dialekt. Sidan ho her refererer til "bokmål" som noko folk *snakkar*, og ikkje som eit skriftspråk, må det bety at ho ser på bokmål som ein slags talespråkleg standard – ein standard som ho kjenner at hennar eige språk er mindreverdig i høve til. Det at vi tilpassar oss språkleg til ulike situasjonar og samtalepartnarar, er noko fleire av informantane er inne på, og er eit av grunnprinsippa i tilpassingsteorien (jf. kap. 5, pkt. 5.3.2). Tilpassingsteorien prøver både å forklare mekanismane bak språkleg tilpassing i konkrete interaksjonssituasjonar (ansikt–til–ansikt-situasjonar), og tilpassing i høve til meir abstrakte einingar som underliggjande forventningar, haldningar og sosiokulturelle tilhøve. Førestellinga eller forventninga om at andre vil sjå på ein som "dum" og "bondeaktig" – som Carola nemner her – dersom ein snakkar dialekt, er utan tvil ein sterk motivasjon for å fjerne seg frå tradisjonelle dialekttrekk. Ein annan motivasjon kan vere at ein ønskjer å tilpasse seg eit tenkt ideal, som altså ikkje treng å vere til stades i den konkrete samtalen, men som fungerer som eit eksternt normideal. Dette er kan hende tilfellet for sosse-gutane som gjerne vil vere kule og som tydelegvis meiner at målet på kor kul du er, kan avlesast i talemålet.

Carola tykkjer rørosdialekten er "spesiell", men ikkje så veldig "fin" (her ser vi igjen det noko ambivalente forholdet til eigen dialekt). Likevel tykkjer ho at det er "artig" at ikkje alle snakkar bokmål. Ho trur dessutan at ein ville vorte "litt mobba" viss ein byrja å snakke "gørrfint", noko også Sondre var inne på. Sjølv vil ho prøve å halde på dialekten, men seier at ho nok vil kome til å legge om når ho flyttar. Men ho vil ikkje legge *heilt* om, for som ho seier: "je kjæm no frå Røros så det er jo 'identitet å ha si ega 'dialekt = det blir liksom meg = viss je skull ha lagt helt om til oslosk ville itt det vørre meg". Det å snakke rørosdialekt er med andre ord ein viktig del av sjølvbiletet til Carola. Når det gjeld dialektbruk blant ungdomen, trur ho at det er mest avhengig av kva for gjeng du tilhøyrer,

korleis foreldra dine snakkar og om du likar Røros eller ikkje. Desse faktorane viste seg også å vere svært utslagsgivande i korrespondanseanalysen.

Den viktigaste fritidsinteressa til Carola er idrett, og ho fortel også at ho identifiserer seg mest med "sportsgjengen", som ho kallar den. Tidlegare dreiv Carola også med trekkspel og gamaldans. Men det er ikkje er så mange unge som driv med dans og meir tradisjonelle ting – i alle fall ikkje i Bergstaden. Ifølgje Carola – og Finn – er det mest folk frå Brekken og Glåmos som driv med den slags. Sjølv slutta Carola å spele trekkspel etter at ho flytta til sentrum. Carola endra altså ikkje berre på språket sitt då ho flytta til sentrum, men ho la også vekk nokon av dei meir tradisjonsorienterte interessene sine.

10.1.3.2 Chris



Figur 10.1.6 Oversyn over variantfordelinga hos Chris

Chris: gut 18 år
- Er oppvaksen i Røros sentrum
- Far frå Røros sentrum, mor frå Brekken
- Har ein yngre bror
- Går på allmennfagleg studie-retning
- Kjem frå ein ikkje-akademisk familie
- Er mest urbant orientert, men er også positiv til det lokale
- Er både positiv og kritisk til Røros
- Har både typisk lokale og typisk urbane interesser
- Driv både med idrett og ulike kuturelle aktivitetar
- Er plassert blant dei skule- og kulturinteresserte ungdomane
- Vil dra til Oslo for å studere eit samfunnsvitskapleg emne
- Har både positive og negative haldningar til rørosdialekten

Chris meiner at han er rimeleg trufast til rørosdialekten. Dette harmonerer godt med det vi kan lese ut av figur 10.1.6 ovafor. Til forskjell frå Iris, som høyrer til i den same ungdomsgruppa som Chris, ser vi at han stort sett bruker dei lokale variantane ved dei fleste av variablane. Chris bruker til og med *ʃk* i godt over 80 % tilfella. Ingen av dei andre mellomgruppeungdomane bruker rørossjibboletten så gjennomført som Chris. Berre bus-gutane har like gjennomført bruk av dette språktrekket. Interessant nok hadde Chris svært få førekomstar av Røros-*s*-en i ein gruppesamtale han var med på nokre månader etter den individuelle intervjusamtalen. I denne samtalen observerte eg berre nokre ganske få tilfelle

av dette språktrekket. Også i andre uformelle samtalar eg hadde med Chris på skulen, på kafé og i forbifarten på gata, observerte eg at rørossjibboletten så å seie var heilt fråverande. Eg fann vel å merke ingen eksempel på hyperkorrekt bruk av Røros-*s*-en hos Chris. Dette kan tyde på at Chris var særs medviten om sitt eige språk og la vinn på å snakke "ekstra tradisjonelt" i den første samtalen med meg. Chris bruker også ein del andre lokale trekk som vi elles finn mest av hos busen. Han bruker så å seie gjennomført dei lokale preposisjonane *åt, tå* og *ti* og han har innslag av dativ. Chris er ein svært samfunns- og kulturbevisst gut. Han er blant anna svært oppteken av dialekt, og fortel at han dei siste par åra har gått aktivt inn for å halde på rørosdialekten. Dette ønsket heng blant anna saman med ei oppleving Chris hadde som tenåring:

Unn: ja = du har vel ikkje endra dialekt i løpet av livet du noke særlig
Chris: nei det har 'variert faktisk [det var]-- det var en såmmår je va i Oslo i -- var det lenge? tre-fire vukku [[ ]] det var jo helt 'horribelt je snakka jo itt fint i det hele tatt når je kom att sku je sei altså = da snakka je nesten bokmål faktisk
Unn: [det ha det?] [[ja]] jøss kor gammel var du da?
Chris: nei va je gammel da? = fjorten femten kanskje
Unn: ja så det er ikkje så lenge sida nei
Chris: nei det er itt no lenge sia det bli sånn for eksempel = det er jo ord som rett og slett er vanskelig å forstå
Unn: mm [det] er jo greit mm
Chris: [så] så liksom etter ein del sånne = hend- happeninger sku te å sei
Unn: at du =
Chris: ja altså folk forsto itt ke je sa liksom [[også berre]] "hæ? snakk norsk ' a!" sånne ting itt sant [ ] så la je om
Unn: [[åja sånn ja]] [ja] ja
Chris: og da = det hong ti ei lita tid ei lita stund
Unn: mm
Chris: men je har fått bukt med det no da
Unn: men det der at du på ein måte bestemte deg for at no skal eg = sånn som eg forsto deg [[i stad]] at du for eit par år sida at du liksom bestemte deg for at no skal eg snakke = passe på å
Chris: [[ja]] ja det ja altså = som sagt det er 'kultur 'identitet [sånne] ting
Unn: [ja] men var det også litt på grunn av den hendelsen der [[trur du?]]
Chris: [[ja]] ja mulig mulig
Unn: ja
Chris: for altså = je tye det er veldig viktig at sånne ting itt bli viska ut og gløymt da
Unn: ja men koss vil du karakterisere dialekta di no da?
Chris: nei =e= den er jo sterkt prega tå fremmedord og sånne ting da
Unn: ja
Chris: og men ellers så mene je at den er rimelig = tro te = ja [ ] 'dialekta sku te å sei [[ ]] rørosdialekta

I løpet av denne sommaren i Oslo fekk Chris oppleve at han var annleis. Reaksjonar av typen: "hæ? snakk norsk 'a!", er ei ganske kraftig tilbakemelding å få som tenåring. Her blir hans identitet som "norsk" og som "ein av oss" utfordra, og naturleg nok vart resultatet konvergens mot oslomålet. Drivkrafta til å ville høyre heime og vere ein av gruppa, er utan tvil sterk hos dei fleste. Men denne opplevinga fungerte nok på mange måtar som ein "vekkar" for Chris. Fleire gonger i løpet av samtalen kjem Chris attende til denne

opplevinga og til at dialekt har med bakgrunn, kultur og identitet å gjere. Etter denne episoden vart Chris tydelegvis meir bevisst på sin eigen språkbruk, og på kva dialekten betyr for han. Sjølv om Chris gjerne vil ta vare på rørosdialekten, er han ikkje sikker på kva som vil skje med språket hans når han flyttar til Oslo – slik han har planar om. Men han seier at han i alle fall vil *prøve* å halde på dialekten så godt han kan, sjølv om han dermed vil stå i fare for å bli tolka som ein "bygdeoriginal". Han meiner at det er viktig å vere seg bevisst eigne røter og eigen kultur i møtet med andre kulturar. Sjølv om ein dreg ut og opplever nye ting, er det viktig for Chris å ta med seg historia si. Han grunnar dette med å seie at bakgrunn og oppvekst er ein viktig del av identiteten til folk, og at det er viktig å verne det særeigne og det som er "ditt". Det er tydeleg at språk og identitet heng nøye i hop for Chris. Sidan det openbert er viktig for han å halde på identiteten som rørosing, blir det også viktig å halde på rørosdialekten som eit symbol på denne identitetsmessige tilknytinga.

Sjølv om Chris i hovudsak er positiv til rørosdialekten, uttrykkjer også han ein viss ambivalens. Chris tykkjer rørosdialekten har ein tendens til å bli "lite grautåt". Dialekten er ikkje "fin" på same måten som fransk er fint. Chris er likevel patriotisk og plasserer rørosdialekten på toppen av dialektpyramiden. Chris seier at han vil vekk frå Røros. Han tykkjer at Røros blir for lite og seier at han vil ha noko meir enn Røros. Helst vil han sjå heile verda. Det er greitt nok å vere gammal på Røros, men prosessen mellom ungdom og alderdom skal helst gå føre seg ein annan plass, etter det Chris seier. Chris er eit døme på at ein både kan vere urbant orientert og oppteken av lokal kultur og lokale tradisjonar samtidig, og at det ikkje nødvendigvis treng å vere nokon motsetnad mellom det urbane på den eine sida og det lokale på den andre – sjølv om det i praksis ofte er det. Chris snakkar ein del om forholdet mellom by og bygd og om forskjellane ved å vekse opp i eit bymiljø og eit bygdemiljø. Han framhevar at byen har mykje meir å by på av ulike typar impulsar, og at ein dermed får eit meir spennande og variert miljø enn på bygda:

> Chris: innbiller je meg da [der] ser du for eksempel viss du ser på = Røros - Oslo itt sant [[ ]] så liksom kjæm du til Oslo- straks mye mere 'impulsa folk og = sånne ting [ ] så det ja det det kjæm an på = mengden folk rett og slett [[ ]] også du har Brekken når ikke det er noen 'spesielt stor plass så = det er nok enklere å = å få en 'kultur indoktrinert da [ ] = for altså viss du ikke får noen særlig 'impulsa utenfra så er det jo klart at du blir sånn som resten da [[ ]] jada

Chris meiner at det er svært store kulturelle forskjellar mellom f.eks. Oslo og Røros. Sjølv om han er positiv til byen, er han også skeptisk til den anonymiteten byen gir den enkelte, og seier at han trur det er lettare å halde oppe "gode moralprinsippa" i eit mindre miljø med tettare nettverk og større sosial kontroll. Baksida av medaljen er at alle veit alt om alle

på bygda, og at bygda på den måten kan verke vel kontrollerande. Chris er også kritisk til andre sider ved rørossamfunnet. Han meiner at ein merkar stor mentalitetsforskjell mellom Oslo og Røros. Han seier at Røros er bondelandet og at folk på bondelandet er meir inneslutta, sjølvfornøgde og manglar ambisjonar.

Som fleire av dei andre ungdomane deler også Chris ungdomskulturen på Røros i to hovudkategoriar: dei "etnosentriske" og dei "kulturrelativistiske", som han kallar dei. Den førstnemnde kategorien består, etter det Chris seier, av dei som ikkje er så interesserte i å kome seg ut og sjå verda, men som nøyer seg med det som finst på Røros. Kultur-relativistane, derimot, er dei som vil ut, dei som har lyst til å reise og sjå verda. Chris plasserer seg sjølv i den sistnemnde kategorien.

Sjølv om Chris er blant dei som søkjer ut av bygda, har han ikkje ein språklege praksis som er typisk for denne gruppa – i alle fall ikkje ved første augnekast. I den første intervjusamtalen med meg står språkbruken til Chris meir i stil med den bufaste og tradisjonsorienterte busen. Chris oppfører seg altså tilsynelatande annleis enn det ein kanskje skulle vente ut frå den klare urbane orienteringa hans. Men både Oslo-opplevinga i tenåra og det at han ser ut til å snakke noko annleis i gruppesamtalen, og i andre samtalar eg hadde med han, enn i den første intervjusamtalen, kan tyde på at Chris varierer språkbruken sin ein god del mellom ulike situasjonar. Chris har truleg eit nokså breitt språkleg repertoar som spenner frå det relativt tradisjonelle til det meir nivellerte. I den analyserte samtalen har vi først og fremst fått innblikk i den meir tradisjonelle delen av dialektrepertoaret hans.

Carola og Chris oppfører seg temmeleg likt språkleg sett, men er, som vi har sett, likevel temmeleg ulike. Carola er mest orientert mot det lokale, medan Chris er mest urbant orientert. Carola vil helst bli i bygda, medan Chris vil vekk. Men begge kjem frå ikkje-akademiske familiar, dei har både mor og far frå Røros eller omegn og dei går på allmennfagleg studieretning. Foreldrebakgrunn og sosial bakgrunn ser altså ut til å bety meir for den språklege tilpassinga deira enn sosiokulturell orientering og framtidsplanar. Men Chris har vel å merke truleg eit nokså breitt dialektrepertoar. Det verkar dessutan som om han har eit svært refleksivt forhold til eigen dialektbruk – og til bruk av tradisjonelle kulturuttrykk generelt.


Ei djupare forståing av mellomkategoriane representerer i særleg grad eit viktig supplement til korrespondanseanalysen i kapittel 9. Sidan hovudopposisjonen går mellom busen og sossen, er det særleg interessant å sjå kven som skjuler seg bak mellomgruppene.

10.2 Tynsetinformantane ved fire av dei

Blant tynsetungdomane har eg valt å sjå nærare på tradisjonalisten Ane, sossen Laila og dei kulturbevisste idrettsjentene Åsne og Ina. Der Ane er representant for den tradisjonelle dialektbrukaren frå utkanten av Tynset kommune, er Laila eksempel på ein stasjonsby-ungdom som bruker ein svært nivellert variant av stasjonsmålet. Både Ane og Laila skil seg, som vi såg i kapittel 9, tydeleg ut i korrespondanseanalysane av tynsetinformantane, og plasserer seg der innafor kvar sine språklege og sosiale praksisfelt. Åsne og Ina, derimot, plasserer seg innafor det same feltet. Der Ane og Laila gestaltar ytterpunkta, representerer altså Åsne og Ina meir gjennomsnittet.

10.2.1 Ane og Laila

10.2.1.1 Ane



Figur 10.2.1 Oversyn over variantfordelinga hos Ane

Ane: jente 18 år
- Har vakse opp og bur på ein gard i utkanten av kommunen (Auma)
- Far er frå Tynset og mor frå Alvdal
- Har to yngre søsken
- Går på yrkesfagleg studie-retning
- Vil bli buande på Tynset
- Kunne tenkje seg å ta over familiegarden
- Ser på seg sjølv som "auming" og ikkje som stasjonsing
- Er mest lokalt orientert
- Har flest lokale interesser og driv med lokale aktivitetar
- Er plassert i kategorien rånar
- Er stort sett positiv til Tynset og til tynsetdialekten

Tradisjonalisten Ane er frå ei av småbygdene i utkanten av Tynset kommune, men går på skule på Stasjonsbyen. Ane er blant dei unge tynsetinformantane, saman med Varg, Gunnar og Bo, som bruker flest tradisjonelle dialektformer i samtalen med meg (jf. fig. 10.2.1 ovafor). Ho har ein gjennomsnittleg nivelleringsprosent på 38 %. Som den einaste av dei unge informantane bruker Ane den lokale forma *ei*, i staden for *je*, men ho bruker også standardformene *jæ/jæi*. Når det gjeld nektingsadverbet, bruker Ane gjennomført standardforma *ikke*, noko ho også nemner i intervjuet. Trykkplassering på førstestaving er

eit anna trekk Ane kommenterer (jf. kap. 8, pkt. 8.5.3). På spørsmål om kva som er typisk for hennar eigen dialekt, trekkjer Ane særleg fram pronomenbruken som særmerkande, og som noko som skil hennar talemål frå stasjonsbymålet. Men det ho får mest kommentarar på er på diskursmarkøren "ra sjø" ("då veit du"), som ho meiner at ho bruker mykje. Ane trur ikkje at ho vil kome til å legge om på talespråket sitt viss ho flyttar frå Tynset, og grunngir dette med at ho har halde på dialekten sin trass i kommentarar frå skulekameratar på Stasjonsbyen.

Unn: [når du flyttar i frå Tynset no då (…) trur du du kjem til å fortsette å snakke = tynseting
Ane: [mm] ja = ei trur det [=] = for at det = ei har gått på barneskula og ungdomsskula på Tynset og da har-- de fleste har prata -- = det er jo tynsetinger da så dæm prate jo litt brett men dæm har prata litt sånn = finere og og så har dæm prata = litt sånn = kømme med noen 'kommentarer mot 'dialekta mi men ei har jo = hølle på den mye bedre hell mange andre = sånne som ja = skulle ha trudd kanskje holl ennå bedre på s- (UFF) så ei trur ei kjæm til å beholde den ei

Noko av forklaringa på kvifor Ane ikkje har gjort som mange andre frå bygdene omkring, finn vi kanskje i samtaleutdraget nedafor. På spørsmål om ho kunne kome til å legge om på dialekten, seier ho:

Ane: [nei] nei det har bestandig vært sånn der knoting er det verste = synden en kan begå har døm sagt heme [men (LATTER)] nei men det er liksom det verste en kan finne på å gjør [=] men =
Unn: [javel (LATTER)]

(…)

Unn: ja [(LATTER)] ja har du opplevd å bli retta på heime då?
Ane: [(LATTER)] ja mamma skal jo liksom = skal jo prate rett og =e= sånn da sånn der =e= men må sei sånn det skal vør nå [(LATTER)] sånn

Ane har altså fått klar beskjed heimanfrå om kva som er sosialt akseptert språkbruk og ikkje. Det språklege solidaritetskravet ser ut til å vere forholdsvis sterkt og uttalt. Dette kan forklare kvifor Ane har stått imot det språklege konformitetspresset som møtte henne då ho byrja på barneskulen i Tynset sentrum. Ei anna forklaring er at Ane opplever at dialekten er viktig for henne, og at det er eit nært samband mellom talemålet hennar og den ho *er:*

Unn: mm = men er det = = er det viktig å f- snakke dialekt?
Ane: nei vet ikke = jo
Unn: altså for deg?
Ane: for meg er det det [=] ei synes det er en del av = meg = åssen ei prater = ei vil ikke forandre = språket mitt for at noen andre skal = synes at det er finar eller = dæm skal forstå meg bedre [=] da får dæm heller prøve å forstå

Sjølv om Ane er positiv til dialekten sin, er ho ikkje udelt positiv til heimplassen sin:

Unn: viss du skulle presentert heimplassen din for nokon som aldri h- har = vore her kva ville du ha sagt då?
Ane: nei da hadde ei sagt at =e= = Tynset er egentlig et = høl [(LATTER) og at det ikke er så veldig mye] å finne på her i det hele tatt [[=]] og = at vi har mellom fire fem 'butikker eller noe sånt = så har vi kino = nei ei vet ikke =
Unn: [(LATTER)] [[ja]] men kva er det som er bra med Tynset då?


Ane: = det som er bra med Tynset er at det er = = = (LATTER) det er = veldig trygt og godt her synes ei [=] det er et fint stelle å vokse opp egentlig [=] og så er det mye fin = 'natur og skog som det går an å gå turer i gå på ski når det er vinter = det synes ei [(LATTER)]

Dette er utvilsamt ein temmeleg negativ sjølvpresentasjon. Først på eksplisitt spørsmål om kva for *positive* sider ho kan nemne ved Tynset, trekkjer ho fram trygg oppvekst og fin natur. Det er interessant å sjå at ho på spørsmålet om "heimplass" svarer Tynset og ikkje Auma. Sjølv om Ane seier at ho *ikkje* identifiserer seg med Tynset sentrum og "stasjonsingane", men med si vesle bygd, definerer ho tydelegvis likevel Tynset som heimstaden sin.

Ane skildrar ungdomsmiljøet på Tynset som ganske splitta. Ho nemner tre hovudkategoriar av ungdom. Det er dei skuleflinke, rånarane/mekkegjengen og festegjengen. Sjølv meiner ho, ikkje overraskande, at ho høyrer litt heime i fleire leirar, men minst i mekkegjengen. Ut frå aktivitets- og interesseprofilen til Ane er ho likevel plassert i gruppa rånar – som ho sjølv distanserer seg frå. Ein kan sjølvsagt setje eit spørsmålsteikn ved kor rett det er å plassere henne der, men som diskutert i kap. 6 pkt. 6.2.8, har eg utvida rånargjengen til å inkludere fleire enn berre dei som mekkar og køyrer bil. Rånarane omfattar også dei som er opptekne av lokale aktivitetar og som interesserer seg for lokal natur og kultur. I eit slikt perspektiv høver Ane godt inn i denne kategorien.

Ane vil gjerne utdanne seg til lærar og planlegg å bli buande på Tynset – sjølv om det er eit "stusslig stelle" – for å ta over familiegarden. Ho snakkar stort sett om byen i negative termar, og er heilt klart mest lokalt orientert, sjølv om ho altså også er kritisk til Tynset. Etter det Ane seier er det stor språkleg og sosial avstand mellom sentrum, Stasjonsbyen, og hennar eiga bygd. Trass i at denne avstanden har krympa, både kommunikasjonsmessig, sosialt og sikkert også språkleg dei siste tretti-førti åra, er det altså framleis store forskjellar mellom sentrum og periferi på Tynset. Ane slår tydeleg fast at ho forstår seg meir som "bygdaing" enn som "stasjonsing". Distinksjonen sentrum – utkant er tydeleg svært relevant og viktig både sosialt, identifikasjonsmessig og også språkleg. Denne dimensjonen slo *ikkje* særleg kraftig ut i korrespondanseanalysane av røros- og tynsetmaterialet, men hadde likevel ein noko tydelegare distingverande funksjon på Tynset enn på Røros (jf. kap. 9, pkt. 9.2.3 og 9.2.5).

10.2.1.2 Laila



Figur 10.2.2 Oversyn over variantfordelinga hos Laila

Laila: jente 17 år
- Er oppvaksen og bur i sentrum av Tynset
- Begge foreldra er frå Tynset
- Har tre yngre søsken
- Har familie i Danmark
- Går på allmennfagleg studieretning
- Vil ut for å studere, men kunne tenkje seg å flytte attende til Tynset
- Orienterer seg mykje mot Danmark
- Er oppteken av stil og klede
- Orienterer seg mest mot urbane verdiar og urban livsstil
- Er negativ til den tradisjonelle tynsetdialekten og til dialektar generelt

Laila går på allmennfagleg studieretning, har planar om lang utdanning, kjem frå ein akademisk familie og høyrer heime i soss/skatar-gjengen. Hos Laila dominerer dei nivellerte variantane ved åtte av dei elleve variablane.[210] Berre *dæm* i subjektsposisjon, *-an-* ending i bestemt form fleirtal av substantiv og *r*-bortfall i presens av svake verb er trekk som i hovudsak blir brukte i si tradisjonelle form hos Laila (jf. fig. 10.2.2 ovafor). Den gjennomsnittlege nivelleringsprosenten hos Laila er på heile 74 %. Eit anna karakteristisk trekk ved talemålet til Laila er høgfrekvent bruk av ordet *liksom*. I løpet av ein halvtimes transkribert samtale bruker Laila *liksom,* eller *lissom* som ho uttalar det, heile 91 gonger. I alle tilfella er *liksom* brukt anten som adverb eller som diskursmarkør – oftast det sistnemnde. Laila har ingen tilfelle av *liksom* brukt som konjunksjon: "ho er snill liksom faren" eller som substantiv: "det var på liksom". Høgfrekvent bruk av *liksom* som diskursmarkør er eit trekk som gjerne blir assosiert med urbant ungdomsspråk. Det blir ofte oppfatta som eit austnorsk fenomen som først og fremst høyrer heime i Oslo, meir presist blant unge jenter på Oslos vestkant. *Liksom* kan både ha funksjon som dempar og som forsterkar. Granskingar har vist at unge byjenter med middelklassebakgrunn er dei som har den mest frekvente bruken av *liksom* som dempar i uformell (sam)tale (jf. Hasund 2001). Forsterkande *liksom* blir mest brukt blant gutar på austkanten og er eit trekk ved ein

[210] Laila hadde ingen belegg på variabelen MON. Variabelen APOK er ikkje teken med for nokon av dei unge tynsetinformantane pga. svært få belegg.

ekspressiv, kul eller ironisk samtalestil som ofte blir brukt i media. *Liksom* indekserer med andre ord både sosial tilhørsle, kjønn, alder og grad av urbanitet. Sidan Laila bruker denne markøren såpass mykje, både som dempar og forsterkar, gir det språket hennar eit visst urbant og "kult" drag og det plasserer henne sosialt. Laila har ingen døme på meir lokalt forankra diskursmarkørar som t.d. *sjø*, *'a* eller den Ane bruker "*ra sjø*".

I spørjeskjemaet som Laila fekk tilsendt etter intervjusamtalen, har Laila interessant nok teikna inn Oslo og Akershus i tillegg til Tynset som sitt eige dialektområde på eitt av karta. Ho identifiserer seg med andre ord språkleg med det sentrale austlandsområdet og har ei oppfatting av at hennar eige talemål ligg tett på dialektane i dette området. Med unntak av osloområdet, skildrar Laila dei fleste dialektområde i landet i til dels svært negative vendingar. Ho ser altså ikkje ut til å vere spesielt positivt innstilt til dialektar generelt. I intervjusamtalen seier Laila at ho sjølv ikkje har så mykje dialekt. På spørsmål om ho ser på seg sjølv som tynseting, svarer Laila nemleg som følgjer:

> Laila: nei = på en måte ikke fordi at jæ synes- jæ synes ikke at jæi har noe masse dialekt sjøl men altså i forhold til- viss man sammenligner med Oslo så har jæi jo det altså vis- viss det er liksom det som er malen du går ut i fra så har jæ jo sikkert det men liksom- altså jæi =e= nei egentlig ikke ser jæ'kke på meg som sånn derre- ikke en sånn Tynset-fanatiker egentlig eller altså nei egentlig ikke [(LATTER) tror jæ'kke]

Laila knyter altså det å *vere* tynseting til det å *snakke* tynsetdialekt (i motsetnad til rørosungdomane Iris og Bjørn, jf. pkt. 10.1.1.1 og 10.1.2.1). Kan hende gjer ho det fordi vi elles har snakka ein del om dialekt, men det er i alle fall interessant. Laila vurderer sitt eige talemål som lite dialektalt i forhold til slik ein elles snakkar på Tynset, men i forhold til slik det blir snakka i Oslo, trur ho at ho har dialekt. Denne vurderinga stemmer ganske godt med språkbruken hennar i samtalen med meg. Som vi såg av figur 10.2.2 ovafor, bruker Laila ein del trekk som skil hennar talemål frå oslomålet. Det gjeld særleg fleirtalsmarkering i bestemt form av substantiv *-an*. Denne forma er markert forskjellig frå standardforma *-ene*, og gir på den måten tydeleg signal om at vedkomande ikkje er frå osloområdet, sjølv om språkbruken elles liknar til forveksling. *Dem* som subjektsform plasserer også Laila utafor Oslo vest, men ikkje nødvendigvis utafor Oslo sidan dette også er også eit trekk i det tradisjonelle austkantmålet i Oslo. Laila seier tydeleg *dem* med *e* og ikkje med *æ*, slik dei fleste av dei andre tynsetinformantane gjer. Ho bruker med andre ord standardvokalismen ved denne forma, men bruker forma i posisjonar som skil seg frå standardtalemålet. Bruk av *dem* i subjektsposisjon er eit trekk som det er knytt eit klart sosialt stigma til. Det er klart knytt til austkanten og til arbeidarklassespråk. Slik sett er det

eit trekk som lett blir lagt merke til og kommentert i Oslo. Det er dessutan eit trekk som ofte blir oppfatta som "feil" eller "ukorrekt" språkbruk.

På spørsmålet om ho kjenner seg som tynseting, svarer Laila vidare med å seie at ho ikkje er særskilt oppteken av å markere at ho er frå Tynset, men at ho heller ikkje prøver å skjule det. Dei einaste tilfella der det er viktig å fortelje at ho kjem frå Tynset, er dei gongane folk tek henne for å vere frå Tolga eller Alvdal – altså plassar som i hennar auge har endå lågare status enn Tynset. Sett opp mot desse alternativa er det trass alt betre å kome frå Tynset:

Laila: [[ja]] er ikke noe opptatt av å markere at jæi er fra Tynset [altså] det er jæ'kke
Unn: [nei] nei
Laila: folk får vite det viss dem spør liksom jæi gidder ikke å- så det er'kke noe sånn jæ må si liksom [[=]] som jæi er veldig liksom opphengt i det [men] jæi er heller ikke opphengt i å skjule det heller det er jæ'kke
Unn: [[nei]] [nei] nei
Laila: men (UFF)
Unn: men det er ikkje viktig for deg [[ ]] at du er herifra
Laila: [[nei]] nei ikke så veldig [ ] egentlig ikke
Unn: [nei] mm men det [[er den-]]
Laila: [[eller]] det er viktig- altså jæi synes- altså jæi markerer at jæ er fra Tynset sånn viss jæi er i nord-østerdalen og folk tar meg for å være Tol- fra Tolga og sånn så sier jæ nei jæi er fra Tynset liksom da er det liksom =
Unn: ja men då er det meir status å vere frå Tynset [enn frå] Tolga [mm]
Laila: [ja] [mm] viss du er liksom på Røros eller noe sånn så er det- jæi synes det er bedre å si at- ja du kommer fra Tynset enn at du kommer fra Alvdal liksom [altså] det spiller jo ingen rolle egentlig- spiller ingen rolle for meg egentlig men altså- [jæi sier jo-] du sier [liksom hvor du er fra]

Litt lenger ut i samtalen forklarar Laila det at ho ikkje kjenner seg så veldig som tynseting, med familiebakgrunn og sosial plassering:

Laila: (...) jæ tru' kke vi ser på oss sånn som innbarka døletynsetinger men det har jo sikkert noe med at vi- pappa er oppvokst som- i sentrum her som- altså før i tida så var det litt sånn sosiale lag og da var det jo liksom- dem lå jo i øverste sjiktet liksom det har jo sikkert noe med at han er vokst opp sånn også = at mamma har jo flytta hit sammen med han kanskje blitt påvirka litt av han kanskje eller- altså- [=] mamma- eller mamma er kanskje litt-- mamma er nok mer stolt over å være litt sånn bygd [og] mamma er nok liksom mer sånn [ ] mer stolt over det enn kanskje enn kanskje vi er på en måte vi resten [altså]

Laila skildrar den "typiske tynsetingen" som ein som likar å rakke ned på Tynset, men som likevel er veldig glad i plassen. Denne skildringa av den typiske tynsetingen stemmer på fleire punkt med hennar eige noko tvitydige forhold til Tynset. Laila er svært kritisk til mange ting ved heimstaden sin. Ho meiner at det er lite tilbod for ungdom, kjedeleg, mykje bygdesladder, misunning og veldig gjennomsiktig – noko som ifølgje Laila både kan vere positivt og negativt. Tynset er plassen for folk som vil slappe av i fin natur, men det er ikkje den ideelle plassen for tenåringsungdom, seier ho. Laila har også eit noko tvitydig forhold til Oslo:

Laila: merker bare det at det er jo ingen-- altså-- Oslo var jo for noen år sida litt sånn derre "å" dit ville vi men nå er det jo sånn =e= jæi har hørt veldig få som egentlig gidder å dra til Oslo og stu'dere viss studietilbudet er andre steder altså dem foretrekker heller Trondhjem Bergen framfor Oslo [==] for at Oslo er liksom drittby liksom gidder ikke å dra dit for det = den har jo- jæi var før sånn- jæi var litt sånn oslofanatiker før liksom synes Oslo var fint og =e= sånn der når jæ gikk på ungdomsskolen og nå er jæi sånn "hallo" Oslo er jo 'kke noe fint liksom viss jæ skal til en by så skal jæ til Danmark til Århus liksom det er en fin by [[ ]] det går an å ha en fin by selv om det er en stor by liksom (UFF)
Unn: [mm] [[mm]] mm ja men kva er det som er byen her da?
(...)
Laila: ja nei det for meg så er byen Oslo liksom Trondhjem og er litt by men da- da si man Trondhjem "skal du til Trondhjem" liksom
(...)
Unn: men Hamar da? [det er jo] by det og?
Laila: [nei] neida det er et lite tettsted (LATTER) dem tror dem er [by-]
(...)
Unn: [(LATTER)] ja no er jo de fleste bya i Norge relativt små da [ ] i forhold til-
Laila: [ja] mm for at liksom-- det er det og liksom at osloingene- eller oslofolk synes liksom at- "å Oslo er så stort" men det er jo bare en liten- det er jo bare en liten by i forhold til alt anna liksom så hva har dem egentlig å skryte av liksom [=] altså hvorfor skal dem være så- hvorfor skal dem tro dem har noe stort? det er jo bare en- altså i and- alle alle andre byer så er det jo bare en liten forsted en liten- en liten del av en by liksom (LATTER)

Som vi kan sjå av intervjuutsnitta ovafor, er Laila tydeleg provosert av det ein kunne kalle for hovudstadens arroganse overfor resten av landet. I Oslo trur dei seg store og viktige, men ho meiner at dei har relativt lite å slå i bordet med. Sjølv om Laila tilsynelatande har ei relativt negativ innstilling til Oslo, er ho utan tvil svært urbant orientert, og kunne gjerne tenkje seg å bu i by. Haldningane til Oslo er kanskje også noko meir samansette. Konfrontert med rørosungdomen si skildring av tynsetingen som "wannabes", seier nemleg Laila følgjande:

Laila: vi er kanskje litt "wannabes" da jæ vet ikke
Unn: ja er dokke det?
Laila: selv om vi kanskje er veldig negative til Oslo så ligger det vel i bunn og grunn at vi egentlig vil vær litt urbane kan nok vær [kanskje] sånn innerst inne [[(LATTER)]]
Unn : [ja] [[(LATTER)]]

Språkleg sett har Oslo ein noko anna posisjon for Laila enn andre byar i Norge. Det er først og fremst her dei har eit talemål som Laila assosierer som byspråk. Synet på oslomålet som "det dominerande" kjem også fram i vurderinga hennar av *sje/kje*-samanfallet:

Unn: [ja] ja (LATTER) ja det er vel kanskje den dialekten som = først og fremst har en sånn status som = som byspråk [[ ]] antagelig
Laila: [[mm]] ja det er jo det det er vertfall det som står for meg som et byspråk
Unn: mm
Laila: verken Bergen Trondhjem Bodø liksom Tromsø det er liksom--
Unn: sjøl om det er byer [så-]
Laila: [ja] så har de ikke noen bystatusdialekt liksom
Unn: nei
Laila: fordi at Trondhjem er jo trøndersk og Bergen er nå bergensk og liksom- så vi har hatt om 'dialekter nå også sånn derre-- liksom si sånn sj-lyder for kjære og sånn [[ ]] så det forundrer meg at det kom fra Bergen først for det trodde jeg faktisk hadde oppstått i Oslo først [men] at det var Bergen først

og så kom det til Oslo det var sånn: "å jøss" det trodde jæ'kke liksom det hadde jæ'kke trodd (LATTER)

(...)

Unn: [ja] men det har ikkje komme hit da?

Laila: nei ikke nei nei- ja ja litt kanskje men det er bare sånn innfall folk får som dem har et par uker liksom altså nei jæi tror 'kke- det er veldig få som sier det vertfall viss det er noen som sier det sånn folk som har vært i Oslo også synes det er kult liksom [det er ikke noe sånn-]

Undringa over at *sje/kje*-samanfallet kan ha oppstått i Bergen og deretter spreidd seg til Oslo, viser at ho plasserer talemålet i Oslo øvst i det språklege statushierarkiet, og at Oslos språklege dominans blir teke for gitt. No er det slett ikkje sikkert at det er nett det som har skjedd når det gjeld dette fonemsamanfallet, men det er av mindre interesse her. Poenget er at Laila trur det, og uttrykkjer (naturleg nok) undring ved eit slikt spreiingsmønster. Etter det Laila seier har ikkje *sje/kje*-samanfallet slått igjennom på Tynset enno. Dette stemmer med mine observasjonar. Faktisk fann eg ikkje eit einaste tilfelle av bruk av *sje* for *kje* blant tynsetinformantane.

Laila deler ungdomsmiljøet på Tynset inn i tre grupper. Det er rånarar, snowboard-folk, og dei som er litt meir A4. Ikkje overraskande er ho ikkje heilt sikker på kvar ho skal plassere seg sjølv, men trur at ho er litt blanding av alt. Ut frå interesse- og aktivitets-profilen hennar er ho likevel plassert i gruppa soss/skatar. Laila er svært oppteken av stil og klede og skildrar sin eigen klesstil som "klassisk, gjennomført, moderne". Laila kjem frå ein akademisk høgstatusfamilie, noko ho er svært medviten om og legg tydeleg vekt på. Ho fortel at ho har venner i alle tre gruppene, men at dei fleste vennane hennar stor sett er mellom A4- og snowboardfolk. Mange av snowboardfolka er, ifølgje Laila, innflyttarar og representerer litt av verda utafor. Den siste gruppa, rånarane, består etter det Laila seier, stort sett av ungdomar som går på yrkesfag, men ein kan også finne rånarar på allmennfag. Laila og venninna hennar har delt rånarane inn i to typar. Det er "sosseråneran" og "bonderåneran". Den førstnemnde gruppa går gjerne på allmennfag, har fine klede, fin bil og er liksom ikkje rånarar, men dei er det likevel. Den sistnemnde gruppa går helst på yrkesfag og er "skikkelege" rånarar med rånebil og kvite tennissokkar. Laila erkjenner at ho ser litt ned på yrkesfagfolka sjølv om ho ikkje heilt vil innrømme det. Ut frå skildringane til Laila, og distinksjonen ho gjer mellom "sosseråner" og "bonderåner", kan det sjå ut til at det framleis er eit slags klasseskilje mellom yrkesfag og allmennfag som følgjer den tradisjonelle sosiale klassedelinga mellom manuell og mental arbeidskraft dvs. arbeidarklasse kontra middelklasse.

Laila er blant dei tynsetinformantane som har desidert høgast gjennomsnittleg nivelleringsprosent i samtalen med meg. Ho har svært få tradisjonelle tynsettrekk i


talemålet sitt. Laila kjem frå ein familie med høg sosioøkonomisk kapital og høg status i lokalsamfunnet. Ho går på allmennfagleg studieretning, orienterer seg både mot by og mot bygd og kunne tenkje seg å flytte attende til Tynset, men er negativ eller indifferent i forhold til tynsetdialekten. Ho ser ut til å vere nært knytt til familien og har gjort val som i stor grad følgjer familietradisjonen. Hos Laila ser vi eit mønster der familiens verdiar, normer og interesser har vorte teke over av neste generasjon. Sterke familieband er nok ein svært viktig faktor for å forstå den språklege tilpassinga til Laila.

Også her ser vi at vi får eit meir differensiert bilete enn det som vart teikna opp i korrespondanseanalysen i kapittel 9. Det er ikkje berre den urbane orienteringa og tilhørsle i sossegjengen som er viktig for språkbruken til Laila. Faktisk kan det sjå ut til at familien og den sosiale plasseringa er dei viktigaste faktorane (motsett av det ein kunne vente ut frå "meg-sjølv-som-prosjekt"-ideologien, jf. kap. 5, pkt. 5.2). Dette minner om det mønsteret vi fann hos den kulturbevisste rørosjenta Iris.

10.2.2 Åsne og Ina

Både Åsne og Ina er representantar for mellomgruppa skule/idrett. Begge er ressurssterke, skuleflinke idrettsjenter som ligg litt i overkant av gjennomsnittet for tynsetungdomen når det gjeld bruk av nivellerte former. Åsne og Ina har ein del felles, men dei har likevel ganske ulike sosial profilar. Åsne er frå ein ikkje-akademisk familie i utkanten av kommunen, medan Ina er frå ein akademikarfamilie i sentrum. Begge foreldra til Åsne er frå Tynset kommune, medan berre far til Ida er frå området. Åsne kunne tenkje seg å flytte attende til Tynset, medan det er heilt utenkjeleg for Ina.

10.2.2.1 Åsne



Figur 10.2.3 Oversyn over variantfordelinga hos Åsne

Åsne: jente 17 år
- Er født og har vakse opp i utkanten av Tynset kommune (Tylldalen)
- Både mor og far er frå Tynset kommune
- Har to eldre søsken – ein bur på Tynset
- Kjem frå ein ikkje-akademisk familie
- Går på allmennfagleg studieretning
- Er svært posistiv til heimstaden sin
- Er både urbant og lokalt orientert
- Er positivt innstilt til sin eigen dialekt og til dialektar generelt
- Høyrer heime blant skule/idrett-gjengen

I samtalen med meg bruker Åsne eit talemål som inneheld ein del lokale trekk, men som også er nivellert på ein del viktige punkt. Åsne seier t.d. *jeg* og *ikke* istf. *je/ei* og *itte* (jf. fig. 10.2.3 ovafor). Dette er trekk som foreldra hennar rettar henne på, og som ho også sjølv meiner at ho varierer mykje ved. Den gjennomsnittleg nivelleringsprosent til Åsne ligg på 57 %, dvs. litt over gjennomsnittet for alle tynsetungdomane samla. Åsne har ei klar bevisstheit om at ho varierer talemålet sitt etter kven ho snakkar med, og meiner at ho snakkar annleis i samtalen med meg enn ho ville gjere saman med foreldra sine:

Unn: kva er det foreldra dine ville rette deg på?
Åsne: = det er det med *ikke* og *itte* [det er veldig] sånn døm er veldig påpasselige med at jæ sier *itte* heme
Unn: [mm] mm
Åsne: men det at jæ har vært så mye på Tynset så er jæ blitt så vant med å prate mye penere enn det jæ gjør til vanlig
Unn: mm
Åsne: men jæ trur at når folk er i-- eller altså når de er med forskjellige forskjellige folk så retter døm språket talespråket sitt etter døm døm er med [[=]] for at jæ merker sånn at når jæ er med-- for eksempel når jæ er med deg så prater jæ mye finere enn det jæ gjør til vanlig = når jæ er med foreldra mine så legg jeg om med en gang sånn [autom'atisk]

Denne typen veksling er noko fleire av tynset- og rørosinformantane nemner – kanskje ikkje som noko som skjer i samtalen med meg, men i andre samanhengar. Rørosjenta Carola meinte t.d. at ho *ikkje* veksla i samtalen med meg sidan eg også snakkar dialekt, men når ho snakkar med folk som bruker standard austnorsk (jf. pkt. 10.1.3.1).

Åsne: = viss vi kjæm til Oslo så ser dæm på oss som bygde-tullinger det trur jæ og bønder dumme bønder [det trur] jæ =e=

Slik interaksjonell synkronisering mellom individet og dei sosiale omgivnadene til individet, er, som før nemnt, eit grunnleggjande prinsipp i tilpassingsteorien (jf. kap. 5, pkt. 5.3.2). Tilpassingsteorien kan, som diskutert ovafor, både fungere som forklaringsmodell i høve til språkleg tilpassing i konkrete interaksjonssituasjonar, som den aktuelle intervjusamtalen her, og tilpassing i høve til meir abstrakte einingar – i form av underliggjande forventningar, haldningar og sosiokulturelle tilhøve. Førestellinga eller forventninga om å bli sett ned på – som Åsne nemner seinare i samtalen – eller redsla for å ikkje bli inkludert eller akseptert dersom ein snakkar dialekt, er ein annan sterk motivasjon for å fjerne seg frå tradisjonelle dialekttrekk. Åsne skildrar sin språklege praksis som ei form for kodeveksling mellom eit "finare" talemål som ho bruker når ho er på Tynset, og eit meir tradisjonelt talemål som ho bruker når ho er saman med foreldra sine i Tylldalen. Ho fortel også at ho snakkar meir dialekt saman med kjærasten sin, sjølv om han er frå tynsetbyen. Bruk av dialekt ser med andre ord ut til å vere knytt til nære sosiale relasjonar og til intimsfæren for Åsne. I samtalen med meg meiner ho at ho tek i bruk tynset-repertoaret sitt. Dette er ikkje så merkeleg sidan samtalen går føre seg på Stasjonsbyen og sidan eg er ein framand person for henne. Åsne går på allmennfagleg studieretning på Stasjonsbyen, men er frå den vesle bygda Tylldalen litt sør for Tynset sentrum. Som vi skal sjå, fortel Åsne interessante ting om forholdet mellom sentrum og utkant, og om det å kome frå bygda til ungdomsskulen på byen:

Åsne: da vi var i niende klasse-- da vi kom hit i niende klasse så snakka jæ veldig 'dialekt jæ var jo vant med det fra Tylldalen = =e= så det vart liksom sånn sjokk liksom sånn får jæ'kke prate 'dialekt lenger? så da-- det var da jæ la om da [=] men jæ tru'kke det var sånn vondt ment da dæm erta meg for det [[ ]] det var sånn

Unn: [mm] [[nei]] men det var sånn at du opplevde det som en stor overgang [(UFF)]

Åsne: [ja] det ble en overgang det gjorde det men det va'kke sånn det va'kke sånn konfliktfylt og at jæ [[ikke]] ville-- ikke ville at det skulle skje og sånn [ ] det var bare sånn som skjedde 'automatisk

(...)

Unn: ja er du samtidig litt sånn-- litt flau over den måten å snakke på eller?

Åsne: ja det er jo mange som synes det er rart = rart viss vi si for eksempel *skauen* og sånn så er jo det liksom litt rart da så tar dæm etter meg og hermer og = så det er mange som ikke = ikke synes det er så fint da for å si det sånn

Unn: mm men er det noko som du kan huske at du tok noko sånn valg på eller var det berre noko som skjedde sånn gradvis eller?

Åsne: det er noe som skjer gradvis

I motsetnad til det som kunne sjå ut til å vere tilfellet hos Ane, fekk overgangen til ungdomsskulen på Stasjonsbyen avgjerande språklege konsekvensar for Åsne. Men Åsne seier at det å endre på dialekten *ikkje* var nokon konfliktfylt prosess for henne. Likevel seier ho at det var eit "sjokk" å oppdage at dialekten hennar ikkje var like gangbar på Tynset – noko som tyder på at overgangen ikkje var heilt problemfri. Ein annan indikasjon

på at det å endre på talemålet ikkje er heilt problemfritt for Åsne, er at ho føler at ho "burde" snakke tylldalsdialekt heile tida, at det er slik ho "skal" snakke, men at ho tykkjer det er vanskeleg. Her ser vi altså omrisset av ein lojalitetskonflikt mellom ulike språklege normer, krav og forventningar. Åsne knyter dialekt til tradisjon og seier at det er synd viss den skulle bli borte. På den eine sida tykkjer ho at det er viktig å ta vare på tradisjonane, men på den andre sida er det tydeleg at det er andre og viktigare forhold som blir sett på spel i konkrete interaksjonssituasjonar. Dette er ein nærmast klassisk konflikt mellom konkurrerande språklege normer og ideal. Slik vi også såg i forhold til Iris og fleire av dei andre rørosinformantane, uttrykkjer Åsne her svært tydeleg spenninga mellom ideologi og praksis. Åsne målber også ideen om det genuine og eigentlege talemålet, og tanken om at dialekten er noko ein nærmast er født med:

Åsne: det at =e= altså det (DIALEKTEN) er 'tradisjon det at du ikke må liksom miste = miste det vi er født med for å si det sånn [(LATTER)] det er jo sånn vi *skal* snakke så det det er jo litt synd viss det blir borte
Unn: [mm] ja men føler du det og at du egentlig burde ha snakka slik [heile tida?]
Åsne: [ja ja] men det synes jæ er vanskelig

Åsne er generelt svært positiv til dialektar og syns det er flott å høyre si eiga dialekt i media. På spørsmål om kva ho syns om oslodialekten. seier Åsne:


Åsne: oslodialekta forbind jæ med sånn status og rike folk og sånn men 'dialekten er jo grei nok [[=]] ser jeg bort fra de folka så er det jo greit
Unn: [[mm]] ja ja der er jo stor variasjon i Oslo òg
Åsne: mm men jæ tenker på vestkant og sånn jæ [da]
Unn: [ja] mm det er vel det dei fleste meiner når dei snakkar om [[oslodialekta]] kanskje?
Åsne: [mm] trur det for østkantdialekta er jo mer mer lik vår da for å [si] det sånn

Det er altså vestkantmålet i Oslo ho tenkjer på som oslomål. Dette er ikkje Åsne åleine om. Fleire av dei andre informantane både på Røros og Tynset uttrykkjer eit liknande syn. Eit anna poeng, som Åsne har heilt rett i, er at austkantdialekten i Oslo ligg nærare tynsetdialekten – både når det gjeld trekk som trykkplassering, *dem* i subjektsposisjon og jamvektsformer. Åsne er temmeleg pessimistisk med omsyn til framtida for tynset-dialekten. Tylldalsdialekten, derimot, ser ho ei lysare framtid for:

Unn: mm ja kva trur du kjem til å skje med tynsetdialekten eller tylldalsdialekten?
Åsne: tylldalsdialekta trur jæ forblir mye som ho er = det er klart yngre 'generasjoner dæm prater ikke så mye 'dialekt og sånn er det på Tynset og = det trur jæ at 'stasjonsmålet at det er mer sånn = at det blir penere etter hvert mens døm som bor i bygda kanskje held på held på det samme [=] trur at det er veldig viktig at folk prater 'dialekt med ungan sine [[=]] det er mange som ikke gjør det og det-- tanta og onkelen min som bor i nærheten av meg døm døm legg ve- veldig vekt på at ungan skal prate 'dialekt [=] jæ hører-- når jæ snakker med døm så er døm veldig sånn

Som Åsne peiker på, er tradering til neste generasjon i alle fall delvis avhengig av at foreldra brukar den lokale dialekten og bringer han vidare. No er det likevel slik at mange foreldre, særleg i sentrum av Tynset, har andre talemål enn den lokale dialekten. Mange barn veks opp i innflyttarfamiliar – der anten ein eller begge foreldra snakkar ein annan dialekt. Sjølv om talemålet til andre barn og unge ofte viser seg å vere eit viktigare normideal enn foreldra sitt talemål, kan sjølvsagt også talemålet til foreldra vere ein viktig tilpassingsinstans for enkelte – noko som såg ut til å vere tilfellet med Laila.

10.2.2.2 Ina



Figur 10.2.4 Oversyn over variantfordelinga hos Ina

Ina: jente 17 år
- Har vaksen opp i Tynset sentrum
- Mor frå Røros og far frå Tynset
- Er frå ein akademisk familie
- Går på allmennfagleg studieretning
- Er både urbant og lokalt orientert
- Er i hovudsak negativ til heimstaden og til dialekten
- Kunne ikkje tenkje seg å busetje seg på Tynset, men derimot på Røros
- Driv mykje med idrett og er svært samfunns-engasjert
- Er plassert i gruppa skule/idrett

Den gjennomsnittleg nivelleringsprosenten hos Ina ligg på 63 %, dvs. litt høgare enn hos Åsne. Som vi kan sjå av figur 10.2.4 ovafor, er det stort sett dei same trekka som er mest og minst resistente hos Ina som hos Åsne. Om sin eigen dialekt seier Ina:

Ina: det er det jæ føler egentlig med 'dialekten min at den er'kke-- den er'kke-- sitt ikke djupt nok i meg til at den er noe særlig-- (...) jæ er redd min forsvinn jæ viss jæ = =oppholder meg-- viss du ser på mamma så b- bjyn- la seg til litte grann når hu reiste til Oslo men ho snakker no rørosing i dag så [[det er det]] den er ikke så-- den er så lite == inngrodd føler jæ
Unn: [[mm]] den står meir utrygt?
Ina: ja jæ synes det [ ] har ikke lyst til å miste den hell
Unn: [ja] nei
Ina: det lille je har

Sjølv om Ina seier at ho har relativt "lite dialekt", fortel ho at ho merkar at ho snakkar dialekt når ho kjem til Oslo og prøver då å "moderere litt". Når ho dreg til Trondheim,

derimot, vil ho gjerne snakke *meir* dialekt. Ansikt til ansikt med "det andre" blir ein klar over og bevisst på forskjellar og likskapar – og på kva for verdi og status desse forskjellane har på ulike lingvistiske marknader.

Unn: [ja] ja men du har-- altså når du kjem til Oslo-- er du av og til der eller?
Ina: ja
Unn: ja
Ina: da [=] da legg jæ om ja [liksom litt] eller 'modererer litt
Unn: [kva] [ja] men då merkar du vel kanskje at du
Ina: da merker jæ at jæ faktisk snakker litt 'dialekt ja
Unn: ja [(LATTER)]
Ina: [mm jæ gjør det (LATTER)]
(...)
Ina: men jæ føler at viss jæ reise til Trondheim da føler jæ at da snakker jæ jo mer-- = da prø- da legg jæ vel opp mer til det jæ kan til rørosmål eller mer den veien faktisk for det at der vil jæ gjerne ha litt mer dial'ekt (UFF)

På spørsmål om dialekt er viktig seier Ina:

Ina: ja du du du danner jo deg et bilde på bakgrunn av (UFF) når du mø- førsteinntrykket av en 'person så høre du jo hvordan han sier og = ikke bare på hva han sier men hvordan han sier det (UFF)

Språket ber, som Ina er inne på, i seg mykje indirekte informasjon om språkbrukaren, om kven ho er (eller ønskjer å vere) og om korleis ho stiller seg til omverda. Språket er ein forskjell som *gjer* forskjell. Språket fortel noko om identitet, om sosial og kulturell posisjon og bakgrunn, og om kva for etnisk, sosial eller kulturell gruppe individet kjenner seg mest knytt til. I ein del tilfelle kan det likevel oppstå ein diskrepans mellom sjølvoppfattinga til individet og dei språklege signala ho sender ut. Ein grunn til denne diskrepansen er dei ulike mytane og førestellingane som knyter seg til folk frå ulike delar av landet. Dersom ein føler og trur at ein på basis av desse mytane og stereotypiane blir tillagt eit identitet som høver dårleg med det biletet ein har, og gjerne vil gi, av seg sjølv, vil ein bevisst eller ubevisst kunne ønskje å distansere seg frå dialekten sin (jf. diskusjonen i kap. 5, pkt. 5.4.1). Det er blant anna dette Ina fortel om i samtaleutdraga nedafor:

Unn: men har du opplevd at det var liksom ei ulempe eller litt sånn = å snakke som du gjer?
Ina: ja vi har vært på noen sånne-- = men det kan ha noe med dæm vet vor vi kjæm fra men jæ har vært på noen sånn 'ekskusjoner i samfunnskunnskap til by- til Oslo så jæ har vært der en del sånn på turer [=] og når vi da kommer til = Gielmuyden-Kiese og sånn så tenker du når vi snakker sånn så er vi døl (LATTER) det er ikke verste eksemplet altså men du [[følte]] litt sånn ja
Unn: [ja] [ja] mm
Ina: kjæm fra bondelandet
Unn: mm
Ina: absolutt
Unn: trur du det er sånn folk utafor ser på dokke?
Ina: ja du skal jo ikke lenger enn lenger ned på Hedmarken før dæm synes at vi er bondske oppi-- lengst oppi (UFF) Østerdalen da du ser det viss-- = ja av'iser og sånn Hamar arbeiderblad og sånn det føles jo sånn noen ganger at vi er liksom bøndene oppi Østerdalen
(...)
Unn: mm =e= oppleve du sånn når du er ute og farta at du- at du merka at du på en måte prøve å endre på dialekten din- eller at du prøve å- = eller at du-

Ina: ja jæ gjør jo det i blant jæ 'modererer litt for å [[=]] ja (UFF) litt retninger og [ ] det er (UFF) nordover da er det ikke så farlig men = sørover gjør jæ nok det
Unn: [[ja]] [ja] ja mm er det spesielle situasjoner du du [[veit at]]
Ina: [[altså skal jæ]] henvende meg til en =e= en 'ekspeditør i et 'parfymeri "da da snakker jæi så propert som jæi kan [ ] fordi jæi orker ikke å bli misforstått" eller å ja det er jo en del fordommer ute og går fortsatt ikke sant så det da = snakker jæ heller mer [[=]] oslosk [=] viss det er noe
Unn: [ja] [[mm]] [ja] for forstått blir du vel [[uansett?]]
Ina: [[ja forstått]] blir jæi men det er den lille =e= ekstra ikke sant?
Unn: det er ei slags belastning eller?
Ina: ja det er'kke så mye for meg som ikke snakker så mye dial'ekt men =e= men = som regel så gjør jæi det bare for å lette det litt at ikke jæi er så innmari bondsk og uvitende for det føler du deg nok uvitende når du kjæm i parfymeri allikevel iblant så da synes jæ det er likeså greit å ta den som jæ snakker likt som dæm vertfall = synes jæ men det er ikke noe sånn jæ gjør det bevisst så ofte at nå må jæ-- nå dæm forstår meg jo så det er ikke noe problem men = = men det blir nok-- jæ føler nok noen ganger at det blir knytta til å være litt sånn = bondsk og = vet du egentlig noe = noe om bylivet? [så da] er det jo greit nok [[(UFF)]]

Ut frå det Ina seier her, er det temmeleg klart at *forventninga* om å bli møtt med fordommar som nedvurderer henne og plasserer henne i kategorien "bonde", er med på å motivere eit språkskifte i visse situasjonar. Det same såg vi hos Carola og Åsne. Kjensla av at ei tilpassing er naudsynt er, etter det Ina seier, meir påtrengjande når ho reiser sørover mot Oslo enn når ho reiser nordover mot Trondheim. Kjensla av at det å snakke tynsetdialekt har låg status og verdi og dermed vil vere ei ulempe, er altså mest artikulert i forhold til det sentrale austlandsområdet. I tillegg til å minne om innsiktene frå tilpassingsteorien (jf. ovafor og i kap. 5, pkt. 5.3.2), er det her også relevant å trekkje fram eit sitat frå Bourdieu om kalkulering av profitten ved ulike språkval:

> [...] the conditions of the reception envisaged are part of the conditions of production, and anticipation of the sanctions of the market helps to determine the production of the discourse. This anticipation, which bears no resemblance to a conscious calculation, is an aspect of the linguistic habitus which, being the product of a prolonged and primordial relation to the laws of a certain market, tends to function as a practical sense of the acceptability, and the probable value of one's own linguistic productions and those of others on different markets. (Bourdieu 1991:76f).

I Bourdieus ord er altså forventa mottaking ein viktig del av dei språklege produksjonsvilkåra, og dei forventa marknadssanksjonane er med på å bestemme dei språkvala vi til ei kvar tid gjer. Denne kalkuleringa av ulike marknader går oftast føre seg på eit meir eller mindre ubevisst og automatisert nivå, slik også Ina er inne på når ho seier at dette ikkje er noko ho gjer bevisst, og er basert på dei erfaringane vi har med ulike marknader med omsyn til akseptabilitet, verdi og status. For Ina sin del er det kanskje først og fremst eit spørsmål om å unngå negativ vurdering og eit bondestempel som å oppnå ei posistiv vurdering. Poenget her er at vi alle meir eller mindre ubevisst føretek slike "cost/benefit"-vurderingar, eller sagt på ein annan måte, prøver å føresjå ulike negative eller positive verknader av vår eigen språklege produksjon i møte med ulike lingvistiske marknader. På

bakgrunn av desse vurderingane føretek vi så større eller mindre justeringar av talespråket vårt.

Mor til Ina er frå Røros og det er tydeleg at også Ina føler ei sterkt tilknyting til Røros. Opp gjennom heile oppveksten har Ina vore mykje på Røros. Ho har mykje av slekta si her og kunne godt tenkje seg å flytte hit. Ifølgje Ina er Røros dessutan eit "penare stelle" – dei har naturen, og også kulturen. Ho er jamt over langt meir positivt innstilt overfor Røros og rørosdialekten enn overfor Tynset og tynsetdialekten. Ein av grunnane til at Ina ikkje er så begeistra for tynsetmålet er at det ikkje er "så enhetlig" (jf. utdraget nedafor). Den situasjonen tynsetmålet er i med stor variasjon mellom bygda og tynsetbyen, mellom generasjonane, mellom enkeltindivid og hos det enkelte individ, medverkar altså ikkje til å begeistre Ina. Tvert om indikerer det ho seier at idealet for henne er ein meir homogen og fokusert dialekt, som kan fungere som eit meir samlande identifikasjons-objekt. Ina går så langt som å seie at: "vi er dialektløse vi som bor her i sentrum".

Ina: nei da = altså den ekte tynseting- tynsetmålet det finner du så sjeldent lenger at for meg så kjæm det langt ned etter mange andre jæ liker = Røros-- rørosing liker jæ best da
Unn: mm
Ina: skulle ønske jæ snakka rørosing egentlig [(LATTER)] det er sånn = det gir deg sånn 'identitet å snakke rørosing = så jæ ville nok- jæ synes nok ikke Tynset-- det er så sjelden du treff på den som snakker tynseting at det = =e= det får- det er lavt 'rangert [[må jæ si]] det er'kke noe enhetlig = det er litt av hvert [herta ta hørt]

Konfrontert med at tynsetungdomen blir kalt for "wannabe Oslo" av ungdom på Røros seier Ina:

Ina: ja dæm sei det vet du for dæm føler seg så sikker på sin egen = fortreffelighet og og at dæm er rørosinger dæm er mye mer kl-- det er jo mye greiere å kjenne att en rørosing fra en tynseting ikke sant? dæm hører jo berre en åpner munnen så = som regel da viss du har hørt rørosing før så = ja dæm sei no det da (LATTER) dæm sei no det på Røros da (LATTER) at vi
Unn: ja kva du trur om det da?
Ina: nei det er vel kanskje en del som ikke føler at dæm er-- har noe-- at det er noe å føle tilhørighet om for vi har ikke noe sånn noe å vår stolt av på Tynset som dæm har på Røros så at vi føler behov for å = ja det kan godt vår
Unn: mm
Ina: men det har noe med forskjellig utgangspunkt og det da = at dæm har mer-- = en rørosing er en rørosing men en tynseting er noe litt mer udefinerbart det finnes mange sånne som meg sånn =

Det går tydeleg fram at Ina tykkjer det er mykje meir stas og meir spesielt å vere rørosing enn å vere tynseting. Ifølgje Ina betyr noko heilt anna å vere frå Røros enn å vere frå Tynset. Det gir ei anna sjølvkjensle og kjensle av tilhørsle. I motsetnad til tynsetingen har rørosingen noko å vere stolt av. Røros er ein meir profilert og kjent plass enn Tynset. Her ser vi altså at Ina trekkjer inn identiteten knytt til staden som ein dimensjon i forholdet mellom Røros og Tynset. Ho knyter også dette til språket når ho seier at ein rørosing berre

treng å opne munnen for at ein skal kunne plassere han. Tynsetingen, derimot, er meir uklar og udefinerbar. Fleire av dei andre tynsetinformantane nemner det same.

Eit fellestrekk for dei fleste av tynsetungdomane er at dei tykkjer det er kjedeleg på Tynset. Trenden er at "alle" skal vekk. Det er likevel relativt få som skal vekk og som aldri vil tilbake. Etter det Ina seier, er gutane mest bestemte på kva dei skal – anten dei vil bli eller flytte, medan dei fleste jentene er meir midt imellom. Dette stemmer godt med det mønsteret som kom fram i korrespondanseanalysen (jf. pkt. 9.2). Likevel finn vi også jenter i ytterpunktkategoriane på Tynset og, som vi har sett, er det to jenter – Ane og Laila – som har vore representantane for dei språklege ytterpunkta i desse informantportretta.

Etter det Ina seier, er ungdomsskuleelevane endå meir osloorienterte enn det som er tilfellet blant hennar jamaldringar. Både i klesvegen og i talemålet forsøker dei å kopiere osloungdom, men ifølgje Ina lurer dei ingen i Oslo i alle fall. Men den viktigaste effekten er kanskje ikkje å "lure nokon i Oslo", men å distansere seg frå det rurale og skape distanse til bygdene omkring. Sjølv om desse ungdomane kanskje ikkje heilt treff blink, er det likevel eit klart uttrykk for at det urbane er idealet, og at ønsket er å signalisere ei urban orientering.

Som vi har sett, er både Åsne og Ina eksempel på "mainstream"-jenter som har eit noko blanda og til dels tvitydig forhold både til heimstaden, til dialekten og til byen. Begge er opptekne av at dei blir sett på som "bonde", "døl" eller "bygdetulling" i byen, og har erfart at desse fordomane har vore med på å styre den språklege praksisen deira i ulike situasjonar. Både Åsne og Ina opplever ungdomsmiljøet på Tynset som svært gruppedelt, og begge trekkjer fram status-/idrettsgjengen på den eine sida og rånargjengen på den andre som to ytterpunkt – noko som stemmer med det som kom fram i korrespondanse-analysen i kapittel 9. Korleis fordomar og det tvitydige forholdet til heimstaden verkar inn på språkval, kom likevel ikkje særleg fram i den meir overordna analysen, men er altså noko som er svært tydeleg i fleire av individanalysane.